

Agder Sekretariat

Sekretariat for kontrollutvalg i Agder

Postboks 120
4491 Kvinesdal
Bankkonto:
3080 32 25660
Organisasjonsnr.:
988 798 185

Til kontrollutvalets medlemmar:

Tor Kasin (leiar), Oddvar Omnes (nestleiar), Birgit Attestog (medlem), Sven Richard Arnesen (medlem), Åse Heistein (medlem)

INNKALLING TIL MØTE I KONTROLLUTVALET

Tid/stad: Måndag 5. oktober 2020 kl. 09.00, kommunehuset,
kommunestyresalen

ORIENTERINGAR:

Kommunedirektøren er invitert inn frå byrjinga av møte kl. 09.00 for følgande orienteringar:

- Status arbeidsmiljø
- NAV – kva er status etter inngått vertskommunesamarbeid i NAV Midt-Agder.

SAKSLISTE

SAK 13/20 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTE 29.06.20
SAK 14/20 BUDSJETT FOR KONTROLLARBEIDET I BYGLAND KOMMUNE 2021
SAK 15/20 ATTESTASJONSUTTALELSE OM ETTERLEVING AV BESTEMMELSER
OG VEDTAK FOR ØKONOMIFORVALTNINGA - BYGLAND
KOMMUNE

FASTE POSTAR

Nytt frå revisor:

Vidare arbeid i kontrollutvalet:

EVENTUELT

REFERAT

REF 06/20 FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT LVK

Bygland, 28. september 2020

Tor Kasin
Leiar

Inger Lise Austrud
Utvalssekretær

Eierkommuner:
Bygland, Bykle, Evje og Hornnes,
Farsund, Flekkefjord, Hægebostad,
Iveland, Kvinesdal, Lindesnes,
Lyngdal, Sirdal, Valle, Åseral

Ansatte:
Daglig leder Willy Gill
Telefon: 90 95 62 46
E-post: willy.gill@asekretariat.no

Rådgiver Inger Lise Austrud
Telefon: 91 86 99 75
E-post: inger.lise.austrud@asekretariat.no

Agder Sekretariat

Sekretariat for kontrollutvalg i Agder

Forfall og inhabilitet bes meldt til Inger Lise Austrud, tlf. 918 69 975 / ila@asekretariat.no
Kopi til: Ordfører, kommunedirektør, revisorer, Jorunn S Tveiten, 1. varamedlem, Setesdølen
Varamedlemmar møter berre etter særskilt innkalling.

Agder Sekretariat

Kontrollutvalet i Bygland kommune

Sak 13/20

Møtedato: 05.10.20

Sakshandsamar: ILA

SAK 13/20 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTE 29.06.20

Vedlegg:

Forslag til møteprotokoll frå møte 29.06.20

Bakgrunn for saka:

Forslag til protokoll frå møte 29.06.20 vert lagt fram for godkjenning.

Framlegg til vedtak:

1. Møteprotokoll frå kontrollutvalets møte 29.06.20 vert godkjent.
2. Leiar får fullmakt til å underteikne møteprotokollen

BYGLAND KOMMUNE – KONTROLLUTVALET

MØTEBOK

Møte nr. 03/20

Dato: 29.06.20 kl. 09.00 – ca. kl. 13.00

Stad: Kommunehuset, kommunestyresalen

<u>Til stades:</u> Tor Kasin, leiar Oddvar Omnes, nestleiar Birgit Attestog, medlem Sven Richard Arnesen, medlem Åse Heistein, medlem	<u>Andre til stades (heile eller deler av møtet):</u> Agder Kommunerevisjon IKS v/ Tommy Pytten , Tor Ole Holbek og Henriette Svendsen Agder Sekretariat v/ Inger Lise Austrud Administrasjonen / Aasmund Lauvdal (kommunedirektør) frå kl. 09.00 Ordførar Sigbjørn Fossdal frå kl. 10.00
--	---

Det var ikkje merknader til innkalling og saksliste.

SAKSLISTE

- SAK 09/20 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTE 05.05.20
SAK 10/20 OPPFØLGING FORVALTNINGSREVISJON BYGGESAK I BYGLAND KOMMUNE
SAK 11/20 PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON 2019-2023
SAK 12/20 PLAN FOR EIGARSKAPSKONTROLL 2019-2023

ORIENTERINGAR:

Kommunedirektøren kjem frå byrjinga av møte kl. 09.00 for å orientera om følgande:

- Setesdal Vekst
 - o Aktiviteten og økonomien i Setesdal Vekst
 - o Kva blir midlane brukt til?
- Status arbeidsmiljø kommuneadministrasjonen
- Oppfølging av forvaltningsrevisjon byggesak i Bygland kommune, sak 10/20.

Ordførar er invitert til møte kl. 10.00 for orientering om følgande:

- Forventningar til samarbeid og samhandling med kontrollutvalet
- Utviklinga i Bygland kommune
- Tilsettingsprosedyre ny kommunedirektør

FASTE POSTAR

Nytt frå revisor:

Vidare arbeid i kontrollutvalet:

EVENTUELT

REFERATAR:

- REF 04/20 KOMMUNENS TILBAKEMELDING PÅ TILSYN MED
BYGLANDSHEIMEN
- REF 05/20 INVITASJON TIL MEDLEMSKAP FORUM FOR KONTROL OG TILSYN,
FKT

Underskrift

Tor Kasin
Leiar

Kopi av møteboka sendes: Ordførar, kommunedirektør, revisor, Jorunn S Tveiten, 1.
varamedlem, Setesdølen

ORIENTERINGAR:

Kommunedirektøren orientera om

- Setesdal Vekst
Økonomisk ramme på kr 3 000 000
Gjennomført aktivitet og arrangement i Setesdal Vekst
Bedrifter som samarbeider og er i dialog med Setesdal Vekst
Nylig etablert kontorfellesskap.

- Status arbeidsmiljø kommuneadministrasjonen

Under delar av orienteringa frå kommunedirektør:
Lukking av møte:

Leiar føreslo å lukke møte under handsaming av delar av orientering frå
kommunedirektør med henvisning til kommunelova §11-5 a) og forvaltningslova § 13.

Utvalet drøfta dette og vedtok følgande:

Vedtak:

*Kontrollutvalet lukker møtet under handsaming av delar av orientering frå
kommunedirektør med henvisning til kommunelova §11-5,a og forvaltningslova §13.*

- Oppfølging av forvaltningsrevisjon byggesak i Bygland kommune, sak 10/20.

Ordførar orientera om:

- Forventningar til samarbeid og samhandling med kontrollutvalet
Legger opp til eit ope og godt samarbeid med utvalet. Utvalet gjer eit viktig arbeid, ser
stor nytte av forvaltningsrevisjon. Det er opp til utvalet om når og om ein ynskjer at
Ordførar skal stilla i møta i utvalet.
- Utviklinga i Bygland kommune
Økonomi, prioriteringar framover og budsjett. Trekker fram regionsamarbeidet i
Setesdal og kommunebarometeret.

- Tilsettingsprosedyre ny kommunedirektør
Proessen rundt val av rekrutteringsbyrå og sjølv rekrutteringsprosessen

Under delar av orienteringa frå Ordførar vedrørande tilsettingsprosess ny kommunedirektør:

Lukking av møte:

Leiar føreslo å lukke møte under handsaming av delar av orientering frå Ordførar med henvisning til kommunelova §11-5 a) og forvaltningslova § 13.

Utvalet drøfta dette og vedtok følgande:

Vedtak:

Kontrollutvalet lukker møtet under handsaming av delar av orientering frå Ordførar med henvisning til kommunelova §11-5,a og forvaltningslova §13.

SAK 09/20 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTE 05.05.20

Vedtak:

1. Møteprotokoll frå kontrollutvalets møte 05.05.20 vert godkjent.
2. Leiar får fullmakt til å underteikne møteprotokollen

Saksutgreiing:

Sakshandsamar: Inger Lise Austrud

Vedlegg:

Forslag til møteprotokoll frå møte 05.05.20

Bakgrunn for saka:

Forslag til protokoll frå møte 05.05.20 vert lagt fram for godkjenning.

Framlegg til vedtak:

1. Møteprotokoll frå kontrollutvalets møte 05.05.20 vert godkjent.
2. Leiar får fullmakt til å underteikne møteprotokollen

SAK 10/20 OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT-BYGGESAKSHANDSAMING I BYGLAND KOMMUNE.

Vedtak:

*Kontrollutvalet tek kommunedirektøren si tilbakemelding til orientering.
Kontrollutvalet ønskjer tilbakemelding når alle tilrådingane er gjennomført.*

Saksutgreiing:

Sakshandsamar: Inger Lise Austrud

Generelt:

Forvaltningsrevisjon er eit verktøy som kommunestyret og kontrollutvalet skal bruke for å sikre at kommunen drives på ein måte som varetek innbyggjarane sitt behov og rettigheter best mogleg. Forvaltningsrevisjon er ein av de pålagte oppgåvene til kontrollutvalet. Gjennom forvaltningsrevisjon undersøker kontrollutvalet om kommunen etterlever regelverk, når fastsette mål, og om ressursane forvaltaast på ein effektiv måte.

Fokus på å bidra til forbetring er eit viktig aspekt med gjennomføring av forvaltningsrevisjonar.

Bakgrunn:

Kontrollutvalet gjorde i sitt møte 10.10.2018 framlegg til kommunestyret i samband med forvaltningsrevisjonsrapporten « Byggesaksbehandling i Bygland kommune». Kommunestyret gjorde vedtak i tråd med tilrådinga frå kontrollutvalet med eit tilleggspunkt.

«Kommunestyret ber rådmannen fylgje opp dei tilrådingane som kjem fram i rapporten. Kommunestyret ber rådmannen gje ei tilbakemelding til kontrollutvalet innan 15. januar 2019.

Kommunestyret ber rådmannen gje tilbakemelding også til kommunestyret og PMR»

Kontrollutvalet handsama i sitt møte 28.02.2019 sak 04/19 «Rapport forvaltningsrevisjon - byggesakshandsaming i Bygland kommune – tilbakemelding». Utvalet fatta følgande vedtak:

- 1. Kontrollutvalet tek rådmannen si tilbakemelding til orientering.*
- 2. Kontrollutvalet anbefaler at delegasjonsreglementet vert endra i tråd med tilråding nr. 11 i rapporten.*
- 3. Kontrollutvalet ønskjer tilbakemelding når alle tilrådingane er gjennomført.*

Det er denne tilbakemeldinga utvalet skal få i møte 29.06.20. Kommunedirektøren kjem i møte.

Tilrådingane var desse: (Tilbakemeldinga frå rådmannen i *kursiv*)»

• Kommunen bør ta en gjennomgang av planverket sitt for å vurdere hvorvidt en oppdatering er nødvendig, se punkt 6.5.

Kommunen har tilsett fagleiar plan (100% stilling) i stabseining for plan og utvikling (POU) frå 13.08.18. Denne stillinga har som si hovudoppgåve å arbeide med kommunen sitt planverk. Det er blant anna sett i gong arbeid med reguleringsplanar, samt at arbeid med ny kommuneplan er i gong. I tillegg er det utarbeidd ein planoversikt, som gir både oversikt over og status på dei ulike planane i kommunen.

Naudsynte endringar er gjort, og desse er vurdert å vere i tråd med revisjonens tilrådingar.

• Kommunen bør sende ut foreløpig svar til tiltakshaver eller ansvarlig søker innen en måned fra mottatt søknad for å informere vedkommende om status på søknad, se punkt 7.8.

Historisk sett så har det vore nokre få tilfelle kor det ikkje har vore sendt ut førebels svar til tiltakshavar/ansvarleg søker innan ein måned etter mottak av søknad. Det er viktig å

presisere at dette ikkje har vore normen, og at langt på veg dei fleste har fått førebels svar innan fristen.

Det er gjort kvalitetsforbetrande tiltak innan byggesakshandsaminga, og ein har forbetra rutinane for oppfølging av pågåande byggesaker. Dette gjeld då også for utsending av førebels svar.

Naudsynte endringar er gjort, og desse er vurdert å vere i tråd med revisjonens tilrådingar.

- **Kommunen bør påse at saken er så godt opplyst som mulig før vedtak fattes, se punkt 7.8.**

Kvaliteten på både saksframlegg og administrative vedtak skal vere god nok og i tråd med gjeldande regelverk. Dette er eit stadig pågåande arbeid. Tilsette i POU deltek jamleg på kurs og seminar for å utvikle sin kompetanse innan fagfeltet. Ein har i tillegg innført faste kontormøter i stabseininga, samt at samarbeidet med plan- og byggesak i Iveland kommune har gitt ein ny arena for faglege diskusjonar.

- **Kommunen bør ikke dele opp søknaden i to trinn dersom søknaden ikke er oppdelt, med mindre slik oppdeling er avtalt med søker, se punkt 7.8.**

Revisjonen peikar i sin rapport på at kommunen ikkje har høve til å dele søknader i to trinn om søknaden ikkje er oppdelt. Som vist i pkt 12 i rapporten, er ein ikkje heilt samd med revisjonen her, og meiner at kommunen har ein god og rett praksis på dette området. Noko av forklaringa på avviket kan vere at revisjonen ikkje har funne tilstrekkeleg dokumentasjon på at dette er avtalt med søkjar.

Det er gjort kvalitetsforbetrande tiltak innan byggesakshandsaminga, og ein har forbetra rutinane for sakshandsaminga av byggesaker. Dette gjeld også for dokumentasjon av avtaler som gjerast med søkjar.

Naudsynte endringar er gjort, og desse er vurdert å vere i tråd med revisjonens tilrådingar.

- **Kommunen bør sørge for at vurderingen av om lovens vilkår er oppfylt foretas og dokumenteres i de tilfeller hvor slike vurderinger er påkrevd, se punkt 7.8.**

Revisjonen peiker på at det i nokre få saker skulle vore dokumentert ei betre vurdering av lovas vilkår, særleg med fokus kva for konklusjonar desse vurderingane får. Det er ei heilt klar målsetting at det i slike saker skal gjerast ei god vurdering av lovas vilkår, og det arbeidast jamt med å forbetre arbeidet med dette.

Det er gjort kvalitetsforbetrande tiltak innan byggesakshandsaminga, og ein har forbetra rutinane for sakshandsaminga av byggesaker.

Naudsynte endringar er gjort, og desse er vurdert å vere i tråd med revisjonens tilrådingar.

- **Kommunen bør oppdatere «planinnsyn» med alle gitte dispensasjoner, samt avslutte dispensasjonssøknader, se punkt 7.8.**

POU har sett i gong arbeidet med å få oppdatert modulen «Planinnsyn» slik at gitte dispensasjoner og avslutte dispensasjonssøknader blir tilgjengeleg digitalt.

Dette er eit omstendeleg og tidkrevjande arbeid, og det er forventa at ein må bruke 2019 for å få dette heilt i orden.

Naudsynte endringar er gjort, og desse er vurdert å vere i tråd med revisjonens tilrådingar.

- **Kommunen bør ikke behandle søknader om dispensasjon på administrativt nivå, se punkt 7.8**

POU skal kun handsame søknader som er i tråd med delegasjonsreglementet, med mindre det er gjort vedtak i plan-, miljø og ressursutvalet som legitimerer at enskilde saker kan handsamast administrativt.

Noverande praksis på området er i tråd med dette og vurdert å vere i tråd med revisjonens tilrådingar.

- **Kommunen bør forbedre saksbehandlingen av søknader om dispensasjon, se punkt 7.8.**

Sjå førre punkt.

- **Kommunen bør endre kommunens praksis som er i strid med forvaltningslovens habilitetsregler, se punkt 8.2.**

Det vart oppretta ei ny stabseining for plan og utvikling (POU) 1.4.18. Denne har blant anna ansvaret for kommunalt planarbeid og byggesakshandsaming. I tillegg til fagleiar plan og eigen kommunal byggesakshandsamar, er det etablert eit fast og gjensidig samarbeid med Iveland kommune innan plan- og byggesaksområdet. Dette inneber at leiar for plan og utvikling har tilgang på fleire sakshandsamarar i fall ein får habilitetsproblematikk. Dette mogleggjer fordeling av byggesaker mellom to byggesakshandsamarar, og ikkje berre ein som tidlegare. I tillegg kan habilitetsproblematikk oppstå i høve til plansaker, og då har ein lett tilgang på anna sakshandsamar som kan overta den respektive saka.

I revisjonsrapporten er det sett fokus på at ein i ein liten kommune som Bygland, kan det vere problematisk at tilsette kjem frå – og bur i kommunen. Noverande leiar for POU er ikkje opphoveleg frå Bygland kommune og bur heller ikkje i kommunen. Dette er vurdert å vere ei føremon i høve til habilitetsproblematikk.

Naudsynte endringar er gjort, og desse er vurdert å vere i tråd med revisjonens tilrådingar.

- **Kommunen bør utarbeide skriftlige rutiner vedrørende habilitet, se punkt 8.2**

Det er utarbeidd skriftleg rutine angående habilitet for administrativt tilsette. Denne er tilgjengeleg i kommunen sitt kvalitetsstyringssystem – Compilo. Rutinen er ny og såleis ikkje fullt ut implementert i organisasjonen, men det arbeidast det med.

Naudsynte endringar er gjort, og desse er vurdert å vere i tråd med revisjonens tilrådingar.

- **Kommunen bør klargjøre delegeringsreglement, samt gjøre viderelegeringen fra rådmann, via tjenesteleder, og ned til saksbehandler skriftlig, se punkt 9.3.**

Kommunen sitt politisk vedtekne delegeringsreglement er datert 14.12.18. Siste utgåve av rådmannen sin vidarelegering til underordna leiarnivå er datert 1.5.18 (etter omorganiseringa). Den tidlegare versjonen av dette er datert 20.12.17.

Alle delegeringsreglement er tilgjengeleg i kommunen sitt kvalitetssystem Compilo.

Dette er vurdert å vere i tråd med revisjonens tilrådingar.

- **Kommunen bør forbedre saksbehandlingstiden på byggesaksområde, se punkt 9.3.**

Revisjonen peiker på at nokre saker har hatt for lang sakshandsamingstid. Det er tatt tak i dette, og fleire «gamle» saker er no slutført, og det arbeidas kontinuerleg med å følgje opp saker som ikkje er ferdige. Nokre av desse sakene er kompliserte, og det tek ein del tid å få innhenta tilstrekkeleg med dokumentasjon for å få slutført sakene.

Det er gjort kvalitetsforbetrande tiltak innan byggesakshandsaminga, og ein har forbetra rutineane for pågåande byggesaker. Det er ei klar målsetting at alle nye byggesaker skal vere ferdig handsama innan gjeldande tidsfristar.

Naudsynte endringar er gjort, og desse er vurdert å vere i tråd med revisjonens tilrådingar.

• Kommunen bør oppdatere «planinnsyn» med kommunens til enhver tids gjeldende planer, plankart og planbestemmelser, se punkt 9.3.

POU har sett i gong arbeidet med å få oppdatert modulen «Planinnsyn» slik at gjeldande planverk blir tilgjengeleg digitalt. Det er kjøpt inn ny digital plotter/skanner (AO-format). Som er forventet levert i løpet av nær framtid. Dette vil gjere det mogleg å få digitalisert gamle regulerings- og detaljplaner m.v på ein meir kostnads- og tidseffektiv måte enn tidlegare. Dette er eit omstendeleleg og tidkrevjande arbeid, og det er forventet at ein må bruke 2019 for å få dette heilt i orden. Naudsynte endringar er gjort, og desse er vurdert å vere i tråd med revisjonens tilrådingar.

• Kommunen bør innføre kontroll av vedtak avgjort av saksbehandlar med delegert myndighet, se punkt 9.3.

Etter siste omorganisering er det leiar av POU som har delegert mynde til å avgjere byggesaker som kan vedtakast administrativt. Sakshandsamarnivået i POU har no kun eit saksførebuande ansvar i alle byggesaker – både til administrativt og politisk nivå. Dette inneber at det er innført eit ekstra kontrollnivå i høve til byggesak.

Naudsynte endringar er gjort, og desse er vurdert å vere i tråd med revisjonens tilrådingar.

• Kommunen bør foreta en risikovurdering som grunnlag for å prioritere, og dermed iverksette, kontrolltiltak, se punkt 9.3.

Det blir gjennomført jamlege vurderingar av risiko. Det er allereie gjort mange endringar som har ført til nye eller endra rutinar og prosedyrar innan byggesaksområdet.

Når det gjeld plan- og byggesaksområdet, ser ein at ei ROS-vurdering vil inngå som ein naturleg del av arbeidet fram mot ny kommuneplan. Det vil difor bli prioritert å gjere ei grundig vurdering av risiko og sårbarheit i samband med planprosessen mot ny kommuneplan og følgje denne sin tidsplan.

Kommunestyret hadde i sitt møte 18.06.2019 orientering om forvaltningsrevisjon byggesak v/Henriette Svendsen. Kommunestyret bad der rådmannen legge fram sak i september 2019 for å vurdere bestilling av ein oppfølgingsrapport. Kommunedirektøren kjem i møte 29.06.20 for å orientere som status på dette

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek kommundirektøren si tilbakemelding til orientering.

SAK 11/20 PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON 2019-2023

Revisor presenterte i møte risiko og vesentlighetsvurderingen.

Vedtak:

Kontrollutvalet tilrår at kommunestyret gjer slikt vedtak:

Kommunestyret sluttar seg til den framlagde "Plan for forvaltningsrevisjon for Bygland kommune 2019-2023, der følgande områder/prosjekt prioriterast:

<i>Prioritet</i>	<i>Område</i>	<i>Tema/sector/selskap</i>	<i>Aktuelt for forvaltningsrevisjon</i>
1.	<i>Tjenesteyting, myndighetsutøvelse og samfunnsutvikling</i>	<i>Oppvekst</i>	<i>Saksbehandling og internkontroll i barnevernstjenesten</i>
2.	<i>Tjenesteyting, myndighetsutøvelse og samfunnsutvikling</i>	<i>Helse og Omsorg</i>	<i>Legetjenesten</i>
3.	<i>Tjenesteyting, myndighetsutøvelse og samfunnsutvikling</i>	<i>Drift og forvaltning</i>	<i>Drikkevannssikkerhet</i>
4.	<i>Tillitsskapende forvaltning</i>		<i>Informasjonssikkerhet og personvern</i>
5.	<i>Lokaldemokrati</i>		<i>Saksutredning og/eller oppfølging av politiske vedtak</i>
6.	<i>Tjenesteyting, myndighetsutøvelse og samfunnsutvikling</i>	<i>Sentraladministrasjon og fellesutgifter</i>	<i>Næringsutvikling</i>

Kommunestyret gjev kontrollutvalet fullmakt til å gjera eventuelle endringar i prioriteringa av aktuelle prosjekter, og til å sette i gong andre prosjekt dersom utvalet ser behov for det.

Saksutgreiing:

Sakshandsamar: Inger Lise Austrud

Vedlegg:

- Framlegg til "Plan for forvaltningsrevisjon for Bygland kommune 2019-2023"
- «Risiko og vesentlighetsvurdering Bygland kommune» frå Agder Kommunerevisjon IKS

Bakgrunn for saka:

Kommunelova § 23-3 har bestemningar om at det skal utarbeidast ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen skal utarbeidast minst ei gong i valperioden, og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert.

Planen skal baserast på ein risiko og vesentlighetsvurdering av kommunens si verksemd og verksemda i kommunen. Plan for forvaltningsrevisjon skal vedtas av kommunestyret.

Formelt grunnlag:

Forvaltningsrevisjon er definert i kommunelova § 23-2 som fastsett at kontrollutvalet skal sjå til at *»det utføres forvaltningsrevisjon av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet, og av selskaper kommunen eller fylkeskommunen har eierinteresser i.»* og § 23-3 som definerer forvaltningsrevisjon som å gjennomføre systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, etterleving av regelverk, måloppnåing og verkningar ut frå kommunestyrets vedtak.

Kontrollutvalet gjorde i møte 14. november 2019 vedtak om å be Agder Kommunerevisjon IKS om å gjennomføre ein risiko og vesentlighetsanalyse av kommunens verksemd og verksemda i kommunens selskap. I sitt møte 14. februar 2020 ga kontrollutvalet revisjonen innspel på områder som dei meinte var viktig å arbeide vidare med i analysen.

Revisjonen har nå gjennomført risiko og vesentlighetsvurderinga og denne peiker på fleire ulike områder som kan være aktuelle for forvaltningsrevisjon. Tanken er at kontrollutvalet skal prioritere dei mest aktuelle av desse områdene i plan for forvaltningsrevisjon. Kontrollutvalet kan og prioritere andre områder som man meiner er aktuelle.

Områder som ikkje prioriterast i planen, kan følgast opp på andre måtar, f.eks. ved orienteringar frå administrasjonen til kontrollutvalet.

I framlegget til Plan for forvaltningsrevisjon 2019-2023 for Bygland kommune er desse områda/prosjekt for forvaltningsrevisjon prioritert: (Utvalet gjer framlegg i møtet)

Prioritet	Tema/sector	Aktuelt for forvaltningsrevisjon
1.		
2.		
3.		
4.		
5.		
6.		

Dersom nabokommunar prioriterer eit eller fleire prosjekter med tilsvarande områder/tema som Bygland kommune, kan det vere aktuelt å samordne gjennomføringa av prosjektane for ein mest mogleg effektiv ressursutnytting.

Føremålet med forvaltningsrevisjon er å bidra til forbetringar i kommunen. Det er viktig med eit godt samarbeid mellom administrasjonen, revisor og kontrollutvalet for å lykkast med dette.

Kontrollutvalet vil i løpet av planperioden prøve å få gjennomført flest mogleg prosjekt innafør dei budsjetttrammer som vert gjeven av kommunestyret.

Framlegg til innstilling:

Kontrollutvalet tilrår at kommunestyret gjer slikt vedtak:

Kommunestyret sluttar seg til den framlagde "Plan for forvaltningsrevisjon for Bygland kommune 2019-2023, der følgande områder/prosjekt prioriterast:

Prioritet	Tema/sector	Aktuelt for forvaltningsrevisjon
1.		
2.		
3.		
4.		
5.		
6.		

Kommunestyret gjev kontrollutvalet fullmakt til å gjera eventuelle endringar i prioriteringa av aktuelle prosjekter, og til å sette i gong andre prosjekt dersom utvalet ser behov for det.

SAK 12/20 PLAN FOR EIGARSKAPSKONTROLL 2019-2023**Vedtak:**

Kontrollutvalet tilrår at kommunestyret godkjenner "Plan for eigarskapskontroll i Bygland kommune 2019-2023» der det vert planlagt eigarskapskontroll i følgande selskap:

- *Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS*
- *Setesdal IKT*

Kommunestyret gjev kontrollutvalet fullmakt til å definere omfanget og innhaldet i eigarskapskontrollen, og til å foreta endringar i prioritering mellom dei aktuelle selskapa og eventuelt prioritere nye selskap dersom særskilde tilhøve skulle tilseia det.

Saksutgreiing:

Sakshandsamar: Inger Lise Austrud

Vedlegg:

1. Framlegg til Plan for eigarskapskontroll
2. Risiko og vesentlighetsvurdering Bygland kommune

Bakgrunn:

Føremålet med eigarskapskontrollen er å kontrollera om den som utøver kommunens eigarinteresse, utøver mynde slik det er fastsett i den aktuelle verksemdslova samt ivaretek kommunens interesser i samsvar med kommunestyrets vedtak og forutsetningar. Eigarskapskontrollen begrenser seg til ei vurdering av om eigarane har etablert tilfredsstillande rammer for styring, og at verksemda faktisk opererer i tråd med formålet.

Ved prioritering av eigarskapskontroll kan følgande kriterier vere relevante i forbindelse med ei risiko- og vesentlighetsvurdering:

- Selskapets tenestetilbod til kommunens innbyggjarar.
- Selskapets samfunnsmessige ansvar
- Kommunens eigarandel
- Økonomisk gevinst- og tapspotensial
- Kommunens motiv for eigarskapet

Bygland kommune har i forrige planperiode gjennomført følgande selskapskontrollar.

- Konesjonskraft IKS (levert av Aust-Agder revisjon IKS 2019)
- Setesdal Brannvesen IKS (2018)

I plan for selskapskontroll 2015 – 2019 vart følgande prosjekter prioritert.

- Aust-Agder museum og Arkiv IKS
- Konesjonskraft IKS
- Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS
- Setesdal Brannvesen IKS
- Setesdal IKT

Vurderingar:

Kommunestyret vedtek planen etter innstilling frå kontrollutvalet. Det vert anbefala at kontrollutvalet gis fullmakt til å gjere endringar i planen dersom det skulle oppstå behov for det.

Budsjettramma for kontrollarbeidet setter begrensningene for omfanget av eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon som kan gjennomførast.

På generelt grunnlag vil det være naturleg å føreslå dei selskapa som er vesentlege, med høy risiko og prioritet. Kontrollutvalet prioriterer sjølv dei mest aktuelle selskapa i plan for eigarskapskontroll.

Dersom nabokommunar prioriterer ein eller fleire kontroller i same selskap som Bygland kommune, vil det vere aktuelt å samordne gjennomføringa av prosjekta for ein mest mogleg effektiv ressursutnytting.

Framlegg til innstilling:

Kontrollutvalet tilrår at kommunestyret godkjenner »Plan for eigarskapskontroll i Bygland kommune 2019-2023» der det vert planlagt eigarskapskontroll i følgande selskap:

-
-

Kommunestyret gjev kontrollutvalet fullmakt til å definere omfanget og innhaldet i eigarskapskontrollen, og til å foreta endringar i prioritering mellom dei aktuelle selskapa og eventuelt prioritere nye selskap dersom særskilde tilhøve skulle tilseia det.

FASTE POSTAR

Nytt frå revisor:

Ny frist på forenklet etterlevelsesk kontroll 15.09.20. Går inn i planleggingsfasen årsoppgjør 2020.

Vidare arbeid i kontrollutvalet:

Neste møte i kontrollutvalet er 05.10.20. Utvalet vil invitere inn kommunedirektøren og assisterende kommunedirektør til neste møte for oppfølgende orientering om arbeidsmiljø i kommuneadministrasjonen.

EVENTUELT

Leiar og sekretariatet tek sike på å delta på septembermøte i kommunestyret for å orientera om kontrollutvalet, utvalets oppgåver og arbeidet.

Utvalet ønskjer at ordførar og kommunedirektør stiller i utvalsmøta etter invitasjon.

Utvalet ynskjer ei orientering i neste møte frå NAV.

REFERATAR:

REF 04/20 KOMMUNENS TILBAKEMELDING PÅ TILSYN MED
BYGLANDSHEIMEN

REF 05/20 INVITASJON TIL MEDLEMSKAP FORUM FOR KONTROL OG TILSYN,
FKT

Kontrollutvalet tek referatane til orientering.

Agder Sekretariat

Kontrollutvalet i Bygland kommune

Sak 14/20

Møtedato: 05.10.2020

Sakshandsamar: ILA

SAK 14/20 BUDSJETT FOR KONTROLLARBEIDET I BYGLAND KOMMUNE 2021

Vedlegg:

1. Vedteke budsjett for Agder Sekretariat
2. Agder Kommunerevisjon IKS – delbudsjett Bygland 2021

Bakgrunn for saka:

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar pålegg kommunen å ha ei forsvarleg revisjonsordning og eit uavhengig sekretariat. Budsjettframlegget inneheld difor lovpålagte oppgåver. Budsjettframlegget er delt inn i 3 hovudgrupper; kontrollutvalet sine utgifter, utgifter til kjøp av revisjonstenester og til sekretariat.

Kommunal- og Moderniseringsdepartementets Veileder om kontrollutvalets rolle og oppgåver s. 16, seier bl.a. at: Kontrollutvalet skal utarbeide framlegg til budsjett. I budsjettet må kontrollutvalet synleggjere kontrollutvalets egne kostnader og kostnader knytt til revisjonsaktiviteter.

Videre står det noko om kven som kan gjera endringar i kontrollutvalets budsjett: Budsjettframlegg frå kontrollutvalet kan berre endrast av kommunestyret.

Grunnen til at kontrollutvalets budsjett er i ei særstilling, er at utvalet skal vere fritt og uavhengig av dei organa som utvalet skal kontrollere. Det er uheldig om administrasjonen eller eit organ som kontrollutvalet skal kontrollere og ha tilsyn med, for eksempel formannskapet eller eit hovudutval, får innverknad på tilsynsorganets budsjetttramme. Formannskapet kan likevel, i sitt samla budsjett, føreslå eit endra beløp i forhold til det kontrollutvalet føreslår. Kontrollutvalets budsjettframlegg skal likevel uendra følgje det samla budsjettframlegget til kommunestyret, slik at kommunestyret ved budsjetthandsaminga har informasjon om både kontrollutvalets framlegg og formannskapets innstilling til budsjett.

Når det gjelder betaling for tenester som vert kjøpt av selskap/samarbeid, vert budsjettet her fastsett av representantskapet og av styret, og kan berre endrast av desse.

Kontrollutvalssekretariatets budsjettframlegg:

Driftstilskotet skal dekke den normale aktiviteten i kontrollutvalet, frå sakshandsaming til utsending av innkallingar og utskrifter, samt arkivhald med meir. Styret i Agder Sekretariat handsama budsjettet i møte 22.06.2020.

Frå og med 01.01.2020 blei talet på eigarkommunar redusert frå 16 til 13 kommunar som følgje av kommunereforma. Då fastsette styret ny modell for fordeling av driftsutgiftene som differensierer utgiftene basert på innbyggartal. Jfr. tabellen

nedanfor som viser dei vedtekne satsane for 2020.

Innbyggartal	Driftstilskot 2020
1 - 3999	Kr. 134.000
4000 - 6999	Kr. 160.000
7000 - 9999	Kr. 175.000
10000 - 19999	Kr. 210.000
20000 -	Kr. 290.000

Totalt sett var det tilnærma nullvekst i sekretariatets budsjett frå 2019 til 2020.

Ved styrets handsaming av budsjettet for 2021 vart det vedteke å halde totalbudsjettet uendra også frå 2020 til 2021. I realiteten inneberer dette ein realnedgang i budsjettet tilsvarende lønns- og prisvekst. Som følge av dette blir det heller ikkje noko auke i driftstilskotet for den enkelte deltakarkommune.

For Bygland kommune betyr det at driftstilskotet til Agder Sekretariat vert uendra på kr. 134. 000

Selskapet/samarbeidet må i løpet av inneverande kommunestyreperiode bli omdanna til eit kommunalt oppgåvefellesskap eller eit interkommunalt selskap ihht ny kommunelov. For nærare informasjon vises det til vedlagte budsjett for Agder Sekretariat.

Kommunerevisjonen:

Sekretariatet har motteke delbudsjett for 2021 frå Agder Kommunerevisjon IKS. Tilskotet til revisjonen utgjer kr 555.000, som er ein auke med 1,8 % frå året før. Budsjettet vart handsama av representantskapet 24.09.20.

I den nye kommunelova er revisor pålagt ny oppgåve, å gjennomføre forenkla etterlevelseskontroll. Denne er budsjettert til kr 50.000. Totalt tilskot til revisjonen vert då kr. 605.000.

For ytterlegare informasjon om budsjettet vises til vedlagte utskrift av budsjettsaka.

Kontrollutvalet sine utgifter:

Ifølge forskrifta skal utgifter til kontrollutvalets samla verksemd være ein del av budsjettet for kontrollarbeidet. Som tidlegare er det en eigen post i budsjettframlegget til dekning av utvalet sine utgifter. Dette gjelder bl.a. møtegodtgjering, reiseutgifter, kurs mm. Det er vanleg at eit eller fleire medlemmar reiser på den årlege kontrollutvalskonferansen i regi av Noregs Kommunerevisorforbund. Sekretariatets generelle forslag i dei fleste kommunane er ein pott på kr. 25.000 til dekning av utgifter til kurs og opplæring.

I tillegg er det ein post til Andre konsulenttenester som til dømes kan nyttas til forvaltningsrevisjon. Denne posten nyttast ved behov.

Budsjettframlegget:

Det framlagte budsjettframlegg for kontrollarbeidet bygger på

- Førre års budsjetttramme
- Delbudsjett Bygland for Agder Kommunerevisjon IKS for 2021
- Vedteke budsjett for Agder Sekretariat for 2021

Tabell: Framlegg til budsjett for kontrollarbeidet i Bygland kommune 2021

	Budsjettframlegg 2021	Vedteke budsjett 2020	Vedteke budsjett 2019
Tilskot til revisjonsdistrikt	Kr. 605.000	Kr. 545.000	Kr. 530 000
Kommunen sin del av sekretariatstenester	Kr. 134.000	Kr. 134.000	Kr 130 000
Kontrollutvalets utgifter :			
Møtegodtgjersle :m.m.	Kr. 15.000	Kr. 15 000	Kr 15 000
Kurs og andre utgifter	Kr. 25.000	Kr. 15 000	Kr 15 000
Andre konsulenttenester	Kr. 70.000	Kr. 70 000	Kr 70 000
Totalbudsjett	Kr. 849.000	Kr. 779 000	Kr 760 000

Framlegg til vedtak:

1. Kontrollutvalet tilrår ei budsjetttramme for kontrollarbeidet i Bygland kommune for 2021 på **kr. 849 0000**
2. Budsjettframlegget skal følge formannskapetets handsaming og innstilling til kommunestyret vedr. budsjett 2021

Agder Sekretariat

Sekretariat for kontrollutvalg i Agder

Postboks 120
4491 Kvinesdal
Bankkonto:
3080 32 25660
Organisasjonsnr.:
988 798 185

UTSKRIFT AV MØTEBOK

Agder Sekretariat - styret

Møtedato: 22. juni 2020

SAK 04/20 BUDSJETT FOR 2021 - AGDER SEKRETARIAT

Daglig leder presenterte hovedtrekkene i budsjettforslaget.

Styret drøftet saken og fattet følgende enstemmige vedtak:

Vedtak:

- Budsjett for Agder Sekretariat for 2021 vedtas med et totalbudsjett på kr. 2.082.000.*
- Deltakertilskuddene holdes uforandret fra 2020 til 2021 med følgende fordeling:*

<i>Evje og Hornnes</i>	<i>Kr. 134.000</i>
<i>Bygland</i>	<i>Kr. 134.000</i>
<i>Bykle</i>	<i>Kr. 134.000</i>
<i>Farsund</i>	<i>Kr. 175.000</i>
<i>Flekkefjord</i>	<i>Kr. 175.000</i>
<i>Hægebostad</i>	<i>Kr. 134.000</i>
<i>Iveland</i>	<i>Kr. 134.000</i>
<i>Kvinesdal</i>	<i>Kr. 160.000</i>
<i>Lindesnes</i>	<i>Kr. 290.000</i>
<i>Lyngdal</i>	<i>Kr. 210.000</i>
<i>Sirdal</i>	<i>Kr. 134.000</i>
<i>Valle</i>	<i>Kr. 134.000</i>
<i>Åseral</i>	<i>Kr. 134.000</i>

Generelt:

I vedtektene for Agder Sekretariat, § 10, har styret ansvar for å gjøre vedtak om årsbudsjett. Årsbudsjettet skal settes opp slik at det gir et realistisk bilde av virksomheten og det forventede økonomiske resultatet av driften. Årsbudsjettet skal fremmes for den enkelte kommune, slik at forslaget følger innstilling om årsbudsjett og økonomiplan til kommunestyret.

Eierkommuner:
Audnedal, Bygland, Bykle, Evje og
Hornnes, Farsund, Flekkefjord,
Hægebostad, Iveland, Kvinesdal,
Lindesnes, Lyngdal, Mandal,
Marnardal, Sirdal, Valle, Åseral

Ansatte:
Daglig leder Kjell Ivar Hommen
Telefon: 38 35 14 09
Mobiltelefon: 97 51 02 98
E-post: kjell.ivar@asekretariat.no

Saksbehandler Willy Gill
Telefon 38 35 52 77
Mobiltelefon 90 95 62 46
E-post: willy.gill@asekretariat.no

Agder Sekretariat

Sekretariat for kontrollutvalg i Agder

Ifølge § 3 i vedtektene skal sekretariatet drives i balanse, slik at inntekter fra kommunene dekker kostnadene.

2021 er det 17. driftsåret i Agder Sekretariat.

Eierkommunene innbetalte totalt kr 640.000 (kr 40.000 pr. kommune) som kapitaltilskudd ved etablering av selskapet (§ 5 i vedtektene). Pr. 31.12.2019 hadde selskapet en egenkapital på kr 855 411 inklusive regnskapsmessig merforbruk fra 2019

Agder Sekretariat har 13 eier- og deltakerkommuner etter kommunesammenslåingene fra 01.01.20, mens det tidligere var 16 kommuner.

Det var nullvekst i totalbudsjettet fra 2019 til 2020.

Fra og med 2020 innførte styret ordning med deltakertilskudd basert på innbyggerantall.

Antall innbyggere	Driftstilskudd 2020
1 - 3999	Kr. 134.000
4000 - 6999	Kr. 160.000
7000 - 9999	Kr. 175.000
10000 - 19999	Kr. 210.000
20000 -	Kr. 290.000

Premisser for ny kostnadsfordelingsmodell:

Behov for å dekke inn sekretariatets kostnader på færre kommuner

Pris skal være på samme nivå som i nabodistriktene

Sammenslående kommuner gis et fradrag i samlet tilskudd på 20 - 25%.

De minste skal ikke ha økning i tilskuddet utover normal lønns- og prisvekst

Nullvekst i totalbudsjettet fra 2019 til 2020.

Premisser for 2021 – budsjettet.

Lønnsoppgjøret for 2020 er utsatt til høsten. Opprinnelig var lønnsveksten antatt å havne på rundt 3,5%, men dette anslaget er betydelig nedjustert som følge av covid-19. Rundt 1,5% lønnsvekst er nok omkring der man havner i årets oppgjør.

Det antas at lønns- og prisvekst i 2021 også blir begrenset, kanskje om lag 1 – 1,5%.

Flere kommuner har en anstrengt økonomisk situasjon.

Samlet sett innebærer dette etter min mening at sekretariatet fortsatt bør tilstrebe en så lav vekst som mulig fra 2020 til 2021.

Kommentarer til budsjettforslaget for 2021:

Når det gjelder lønn, er det tradisjon i selskapet å følge rammen i kommuneoppgjøret.

Det legges ikke opp til noen særskilt vekst i andre kostnader.

Agder Sekretariat

Sekretariat for kontrollutvalg i Agder

Som følge av personalmessige endringer antas det å være rom for å ikke øke totalrammen i budsjettet, altså blir det nullvekst også fra 2020 til 2021. Totalrammen foreslås uforandret med kr. 2.082.000

Basert på den foretrukne modell, blir tilskuddet fra den enkelte eierkommune som følger i 2021:

Evje og Hornnes	Kr. 134.000
Bygland	Kr. 134.000
Bykle	Kr. 134.000
Farsund	Kr. 175.000
Flekkefjord	Kr. 175.000
Hægebostad	Kr. 134.000
Iveland	Kr. 134.000
Kvinesdal	Kr. 160.000
Lindesnes	Kr. 290.000
Lyngdal	Kr. 210.000
Sirdal	Kr. 134.000
Valle	Kr. 134.000
Åseral	Kr. 134.000

Forslag til tallbudsjett for driftsåret 2021

(i hele 1000 kr)

	Budsjettforslag	Budsjett	Regnskap
	2021	2020	2019
<u>Driftsinntekter:</u>			
Tilskudd fra eierkommunene	2 082	2 082	2 080
Øvrige inntekter			
Sum driftsinntekter	2 082	2 082	2 080
<u>Driftsutgifter:</u>			
Personalutgifter	1 895	1 895	1 854
Andre driftsutgifter	200	200	263
Sum driftsutgifter	2 095	2 095	2 117
Brutto driftsresultat	- 13	- 13	-37
Finansinntekter	13	13	31
Netto driftsresultat	0	0	-6
Avsetning til disposisjonsfond			17
Disp. av tidligere års mindreforbruk			17
REGNSKAPSMESSIG MERFORBRUK			6

Agder Sekretariat

Sekretariat for kontrollutvalg i Agder

Forslag til vedtak:

1. Budsjett for Agder Sekretariat for 2021 vedtas med et totalbudsjett på kr. 2.082.000.
2. Deltakertilskuddene holdes uforandret fra 2020 til 2021 med følgende fordeling:

Evje og Hornnes	Kr. 134.000
Bygland	Kr. 134.000
Bykle	Kr. 134.000
Farsund	Kr. 175.000
Flekkefjord	Kr. 175.000
Hægebostad	Kr. 134.000
Iveland	Kr. 134.000
Kvinesdal	Kr. 160.000
Lindesnes	Kr. 290.000
Lyngdal	Kr. 210.000
Sirdal	Kr. 134.000
Valle	Kr. 134.000
Åseral	Kr. 134.000

Sendt elektronisk til: Kommunene v/ ordfører og kommunedirektør/rådmann

Rett utskrift:

Willy Gill
Daglig leder

Kontrollutvalget i
Bygland kommune

Del-budsjett for kontroll- og tilsynsarbeid i Bygland kommune for 2021

Budsjettbehandlingen

Kontrollutvalget skal utarbeide forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Kontrollutvalgets forslag til budsjetttramme for kontroll- og tilsynsarbeid skal følge formannskapetets innstilling til kommunestyret. Kontrollutvalgets leder har møte- og talerett i kommunestyret når utvalgets saker behandles.

Agder Kommunerevisjon IKS – møteforberedelse, deltakelse ved kontrollutvalgs- og kommunestyremøter samt fagkontakt med sekretær

Iht kommuneloven plikter revisor å være tilstede i kommunestyret ved behandling av saker som har tilknytning til revisors oppdrag. Revisor deltar også ved kontrollutvalgets møter. Sekretæren for kontrollutvalget vil ha utstrakt behov for kontakt med revisjonen for informasjon/drøfting av saksforberedelse til møter. Revisjonens tidsforbruk til møteforberedelse og møtedeltakelse ved politiske møter samt nødvendig fagkontakt med sekretær inngår i revisjonstilskuddet.

Regnskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon - revisjonstilskudd

Det følger av Kommuneloven at kontrollutvalget skal påse at kommunen har regnskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon.

Regnskapsrevisjon

Revisjonstilskuddet er basert på budsjettert tidsforbruk til bla løpende revisjon, årsoppgjørrevisjon og alle pliktige attestasjonsoppgaver.

Forvaltningsrevisjon

Agder Kommunerevisjon IKS har i 2020 laget risiko og vesentlighetsvurdering som grunnlag til plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Risiko og vesentlighetsvurdering er basert på en gjennomgang av hele kommunens virksomhet hvor risiko og

AGDER KOMMUNEREVISJON IKS

vesentlighetsvurderingen vurderes utfra lav (L), middels (M) eller høy (H) og/eller en kombinasjon av disse. Analysen er utført av revisjonen etter bestilling fra kontrollutvalget og legges frem for kommunestyret innen 31.12.20. Analysen danner sammen med plan for forvaltningsrevisjon, grunnlag for kontrollutvalgets bestilling av forvaltningsrevisjon i perioden. Plan for forvaltningsrevisjon er dynamisk og behov for endringer vurderes fortløpende av kontrollutvalget.

Basert på risiko og vesentlighetsvurderingen og plan for forvaltningsrevisjon, så bestiller kontrollutvalget prosjekt for forvaltningsrevisjon.

Agder Kommunerevisjon IKS – Revisjonstilskudd 2020 – 2021;

Revisjonstilskuddet utgjør kr 555.000,-. Det er en økning i revisjonstilskuddet på 1,8 % fra 2020 til 2021. Revisor er i ny kommunelov pålagt å gjennomføre forenklet etterlevelseskontroll. Denne oppgave er budsjettet til kr 50.000,-.

Eierskapskontroll (forvaltningsrevisjon)

Det skal gjennomføres eierskapskontroll i kommunens hel/deleide selskaper. Agder Kommunerevisjon IKS har i 2020 laget risiko og vesentlighetsvurdering som grunnlag for å gjennomføre eierskapskontroll/forvaltningsrevisjon. Analysen skal sammen med plan for eierskapskontroll behandles av kommunestyret innen 31.12.20. Analysen og plan for eierskapskontroll danner grunnlag for kontrollutvalgets bestilling av eierskapskontroll fra revisjonen.

Mål for kontrollen vil kunne være å vurdere om selskapene drives på en slik måte at kommunens målsetting med eierskapet ivaretas på en best mulig måte. Dette kan bety gode og effektive tjenester for kommunen, og gi en best mulig avkastning og ivaretagelse av samfunnsansvarlig forretningsdrift. Tilskuddet på eierskapskontroll inngår i revisjonstilskuddet.

Tallbudsjett - 2021 med noter

Vedlagt følger del-budsjett for 2021 for kontroll- og tilsynsarbeid i kommunen. De resterende budsjettposter, knyttet til kontrollutvalgets drift, utarbeides av kontrollutvalgets sekretær. Sekretæren fremmer også forslag til vedtak i saken.

Revisjonens tilskudd fra kommunen er beregnet etter medgått tid og en timepris tilnærmet selvkost.


Tor Ole Holbek
Revisjonsdirektør

1 vedlegg

Budsjettforslag for revisjon, selskapskontroll og revisjonens deltakelse ved politiske møter i 2021 – Bygland kommune

Tekst	Budsjett 2021	Note
Tilskudd Agder Kommunerevisjon IKS forberedelse, møtedeltakelse kontrollutvalg, kommunestyret mv.		1
Forenklet etterlevelseskontroll (ny lovpålagt oppgave)	50 000,00	2
Revisjonstilskudd Agder Kommunerevisjon IKS *	555 000,00	3
Sum	605 000,00	

- * kr 545.000,- var budsjett i 2020
kr 605.000,- i budsjett for 2021 inkluderer ny lovpålagt oppgave (forenklet etterlevelseskontroll)

Noter:

Note 1

Arbeid med revisjonens tid til forberedelse og deltakelse ved politiske møter samt arbeid og dialog med sekretariatet, inngår i revisjonstilskuddet.

Note 2

Revisor er i ny kommunelov pålagt å utføre forenklet etterlevelseskontroll. Denne oppgaven er det ikke tidligere budsjettet.

Note 3

Revisjonstilskuddet er beregnet til Kr 555.000,-. Det er lagt til grunn en utgiftsøkning på 1,8 % for 2021. I beløpet inngår både regnskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og eierskapskontroll. Det er i 2020 utarbeidet en ny risiko og vesentlighetsvurdering som grunnlag for plan for eierskapskontroll for perioden 2020-2023. Risiko og vesentlighetsvurderingen skal sammen med plan for eierskapskontroll behandles av kommunestyret innen utgangen av 2020

Kristiansand, 23.09.20



Tor Ole Holbek
Revisjonsdirektør

Agder Sekretariat

Kontrollutvalet i Bygland kommune

Sak 15/20

Møtedato: 05.10.2020

Sakshandsamar: ILA

**SAK 15/20 ATTESTASJONSUTTALELSE OM ETTERLEVING AV
BESTEMMELSER OG VEDTAK FOR ØKONOMIFORVALTNINGA -
BYGLAND KOMMUNE**

Vedlegg:

Attestasjonsuttalelse frå Agder Kommunerevisjon IKS datert 25.09.2020

Nummerert brev nr. 1 frå Agder Kommunerevisjon IKS datert 25.09.2020

Bakgrunn for saken:

Revisor har utført eit attestasjonsoppdrag som skal gje moderat sikkerheit i samband med Bygland kommunes etterleving av føresegner og vedtak for økonomiforvaltninga knytt til området om etterleving av reglene i samband med lov og forskrift om offentleg anskaffing. Følgande er kontrollert:

1. Det er avhalde konkurransen.
2. Det er føretatt ei berekning av anslått verdi.
3. Det er ført protokoll etter lov og forskrift om offentleg anskaffing del I eller del II.
4. Det er innhenta skatteattest ved anskaffing av varer eller tenester over kr 500 000.
5. At det for anskaffinger som er omfatta av del II er føretatt kunngjering i DOFFIN.
6. At det for anskaffinger som er omfatta av del II er skriftleg informert om val av leverandør til aktuelle leverandørar før kontrakten er inngått.
7. At ved bruk av rammeavtale så er avtalen er gyldig, og anskaffinga er omfatta av avtalen.

Kommunestyret skal påse at uavhengig instans med kunnskap om økonomiforvaltninga vurderer rutineane. Kommunestyret skal og påse at slike rutinar er etablert og overhaldt. Kontrollutvalet er kommunestyrets tilsynsorgan og det ligg til utvalet å føre tilsyn med kommunens forvaltning på kommunestyrets vegne.

For øvrig er revisors konklusjon som følger:

Grunnlag for konklusjon med forbehold:

Ved kontrollen er det avdekket 2 anskaffelser som ikke er utsatt for konkurranse.

Konklusjon:

Basert på de utførte handlingene og innhentede bevis er vi ikke blitt oppmerksom på noe, med unntak av forholdet som er omtalt i avsnittet «Grunnlag for konklusjon med forbehold», som gir oss grunn til å tro at Bygland kommune ikke i det alt vesentlige har etterlevd bestemmelsene i lov og forskrift om offentlige anskaffelser.

Vurderingar:

Revisor har avlagt konklusjon med forbehold og legg ved tilhøyrande nummerert brev nr. 1 til saka.

Revisor peiker i sitt nummererte brev på ein frist for attendemelding til revisor på kva for nokre tiltak som kommunen vil setja i verk for å sikre at lov og forskrift om offentleg anskaffing følges i framtida.

Kommunedirektør er invitert inn til handsaminga av denne saka og revisor vil vere til stades i møte.

Avhengig av korleis kontrollutvalet vurderer informasjonen som kjem frem i møte, kan utvalet avvente og ta saka opp att når administrasjonen kjem med attendemelding til revisor, utvalet kan vurdere området offentleg anskaffing som aktuelt for forvaltningsrevisjon og utvalet kan om ein ikkje kjem til ei tilfredsstillande løysning bringe saka inn for kommunestyret.

Fokus for kontrollutvalet nå bør være å sikre at kommunedirektøren sørger for å følge opp å få på plass naudsynte rutinar og etterleving av regelverket.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet viser til revisors attestasjonsuttalelse med konklusjon med forbehold og tilhøyrande nummerert brev nr. 1/20.

Kontrollutvalet ser det som svært viktig å sikre at lov og forskrift om offentleg anskaffing følges. Utvalet avventar skriftleg attendemelding frå kommunedirektøren. Når attendemeldinga føreligg vil kontrollutvalet ta endeleg stilling til korleis saka skal følges opp vidare.

Til kontrollutvalget i Bygland kommune

Uavhengig revisors attestasjonsuttalelse om etterlevelse av bestemmelser og vedtak for økonomiforvaltningen.

Vi har utført et attestasjonsoppdrag som skal gi moderat sikkerhet, i forbindelse med Bygland kommunes etterlevelse av bestemmelser og vedtak for økonomiforvaltningen på følgende områder:

Kontroll av etterlevelse av reglene knyttet lov og forskrift om offentlige anskaffelser, herunder forskriftens del I og II, hvor vi kontrollerer om:

1. Det er avholdt konkurranse.
2. Det er foretatt en beregning av anslått verdi.
3. Det er ført protokoll etter lov og forskrift om offentlige anskaffelser del I eller del II.
4. Det er innhentet skatteattest ved anskaffelse av varer eller tjenester over kr 500 000.
5. At det for anskaffelser som er omfattet av del II er utarbeidet konkurransegrunnlag eller opplyst om dette i kunngjøringen.
6. At det for anskaffelser som er omfattet av del II er foretatt kunngjøring i DOFFIN.
7. At det for anskaffelser som er omfattet av del II er skriftlig informert om valg av leverandør til berørte leverandører før kontrakten er inngått.
8. At ved bruk av rammeavtale så er avtalen er gyldig, og anskaffelsen omfattet av avtalen.

Vi har trukket ut og kontrollert ti leverandører fra investeringsprosjekt i perioden fra 1.1.17 til 31.12.2019.

Kriterier er hentet fra:

Lov om offentlige anskaffelser (LOV-2016-06-17-73)

Forskrift om offentlige anskaffelser (FOR-2016-08-12-974)

Ledelsens ansvar for etterlevelse av bestemmelser og vedtak for økonomiforvaltningen

Kommunedirektøren er ansvarlig for å etablere administrative rutiner som sørger for at økonomiforvaltningen utøves i tråd med bestemmelser og vedtak, og at økonomiforvaltningen er gjenstand for betryggende kontroll.

Vår uavhengighet og kvalitetskontroll

Vi har utført oppdraget i samsvar med etiske retningslinjer for revisjonsselskapet, som inneholder uavhengighetskrav og andre krav basert på grunnleggende prinsipper om integritet, objektivitet, faglig kompetanse og tilbørlig aktsomhet, fortrolighet og profesjonell opptreden.

I samsvar med internasjonal standard for kvalitetskontroll (ISQC 1 Kvalitetskontroll for revisjonsfirmaer som utfører revisjon og forenklet revisorkontroll av regnskaper samt andre attestasjonsoppdrag og beslektede tjenester) har Agder Kommunerevisjon IKS et tilstrekkelig

AGDER KOMMUNEREVISJON IKS

kvalitetskontrollsystem, herunder dokumenterte retningslinjer og rutiner for etterlevelse av etiske krav, faglige standarder og krav i gjeldende lovgivning og annen regulering.

Våre oppgaver og plikter

Vår oppgave er å avgi en uttalelse om etterlevelse av bestemmelser og vedtak for økonomiforvaltningen på grunnlag av bevisene vi har hentet inn. Vi har utført vårt attestasjonsoppdrag med moderat sikkerhet i samsvar med kommunelovens regler og RSK 301 Forenklet etterlevelseskontroll med økonomiforvaltningen. Standarden krever at vi planlegger og gjennomfører oppdraget for å oppnå moderat sikkerhet for hvorvidt det foreligger vesentlige feil eller mangler ved etterlevelse av bestemmelser og vedtak i kommunens økonomiforvaltning på det området vi har foretatt forenklet etterlevelseskontroll.

Vi baserer oppgaven på en risiko- og vesentlighetsvurdering som er lagt frem for kontrollutvalget.

Utføring av et attestasjonsoppdrag som skal gi moderat sikkerhet i henhold til RSK 301, innebærer å utføre handlinger for å innhente bevis for at bestemmelser og vedtak for økonomiforvaltningen etterleves. Typen, tidspunktet for og omfanget av de valgte handlingene er gjenstand for revisors skjønn. Moderat sikkerhet har klart lavere sikkerhetsgrad enn betryggende sikkerhet, og vi gir derfor ikke uttrykk for samme nivå av sikkerhet som i en revisjonsberetning.

Vi mener at vi har innhentet tilstrekkelig og hensiktsmessig bevis som grunnlag for vår konklusjon.

Grunnlag for konklusjon med forbehold


Ved kontrollen er det avdekket 2 anskaffelser som ikke er utsatt for konkurranse.

Konklusjon

Basert på de utførte handlingene og innhentede bevis er vi ikke blitt oppmerksomme på noe, med unntak av forholdet som er omtalt i avsnittet «*Grunnlag for konklusjon med forbehold*», som gir oss grunn til å tro at Bygland kommune ikke i det alt vesentlige har etterlevd bestemmelsene i lov og forskrift om offentlige anskaffelser.

Denne uttalelsen er utelukkende utarbeidet for å gi kontrollutvalget et bedre grunnlag for å ivareta sitt påse ansvar med økonomiforvaltningen og til Bygland kommunes informasjon, og er ikke nødvendigvis egnet til andre formål.

Evje, 25.09.2020



Tommy Pytten
Registret revisor

Til kontrollutvalget i Bygland kommune

Brev nr.1/20

Forenklet etterlevelseskontroll økonomiforvaltningen

Vi har med hjemmel i kommuneloven § 24-9 gjennomført forenklet etterlevelseskontroll med økonomiforvaltningen.

Basert på en risiko- og vesentlighetsvurdering valgte revisjonen ut offentlige anskaffelser som område som skulle kontrolleres.

Kontrollen er avgrenset til pågående prosjekter i kommunens investeringsregnskap for 2017-2019. Kontrollen er begrenset til å gjelde del I og II av anskaffelsesforskriften.

Det er foretatt et skjønnsmessig utvalg på 10 leverandører, der samlet bokført utgift overstiger kr 100.000,- ekskl. MVA på det enkelte prosjektet i perioden 2017-2019. Beløpsgrensen er satt til kr 100.000,- da anskaffelsesforskriften § 1-1 angir at forskriften gjelder kjøp med en anslått verdi som er lik eller over kr 100.000,-.

Vår gjennomgang av 10 anskaffelser i kommunen avdekket at det ikke var gjennomført konkurranse ved 2 av disse.

Våre funn var:

- 2 anskaffelser er vurdert som direkte anskaffelse med bakgrunn i at det ikke er avholdt konkurranse.
- En av anskaffelsene knyttet seg til anskaffelse av teknisk anlegg. Her har kommunen valgt samme leverandør som i tidligere leveranser, med begrunnelse at systemene måtte «snakke sammen».

Oppdragsgiveren er fritatt fra reglene i forskriften del I og II ved kontrakter som bare kan inngås med en bestemt leverandør i markedet, jf. § 5-2 første ledd bokstav a. Det er oppdragsgiveren som har bevisbyrden for at vilkåret er oppfylt, og det er en høy terskel for å påberope seg unntaket.

Det må foreligge objektive årsaker til at kun én leverandør kan oppfylle ytelsen. Dette vil eksempelvis være tilfeller hvor det kun er én leverandør som har den nødvendige tekniske kompetansen til å utføre oppdraget eller som produserer det ønskede produktet. Andre aktuelle tilfeller er der det av kunstneriske grunner kun finnes én leverandør eller der en leverandør har enerett på ytelsen.

AGDER KOMMUNEREVISJON IKS

KOFA har tidligere uttalt at vilkåret kan være oppfylt "*der det kun er én leverandør som har produkter som er kompatible med produkter oppdragsgiver allerede har*". Det skal mye til for at oppdragsgiveren skal klare å sannsynliggjøre at andre leverandører, herunder grupper av leverandører, ikke kan eller ikke vil kunne bli i stand til å levere den aktuelle ytelsen.

Når det gjelder omfanget av de undersøkelser som oppdragsgiveren må foreta, så er det ikke tilstrekkelig å bare hevde at kun finnes én leverandør kan oppfylle behovet eller at de kun vet om én leverandør fordi de mangler kunnskap om markedet. Det er heller ikke tilstrekkelig å bevise at én leverandør kan levere ytelsen mer effektivt enn andre.

- En av anskaffelsene hvor det er foretatt en anskaffelse uten konkurranse, vedrørte et rehabiliteringsprosjekt hvor kommunen uttalte at behovet i forkant var uklart, og at det var kort tidsramme for gjennomføring. Det var derfor ikke gjennomført noen konkurranse.

Den eksakte verdien for anskaffelsen vil ikke være kjent på tidspunktet for beregningen. Oppdragsgiveren må foreta en forsvarlig vurdering av beregningen av anskaffelsens verdi, ved å ta utgangspunkt i ytelsen som skal anskaffes. Dersom oppdragsgiveren er i tvil om verdien bør han ta høyde for det i fastsettelsen av anslaget.

I dette tilfelle var anskaffelsesverdien like under kr. 300.000,-, godt over grensen for del I i forskriften.

Oppdragsgiveren er fritatt fra reglene i forskriften del I og II der han på grunn av uforutsette omstendigheter ikke kan utsette inngåelsen av kontrakten i den tidsperioden det vil ta for å få gjennomført en åpen eller begrenset tilbudskonkurranse, jf. § 5-2 første ledd bokstav c.

For å falle inn under bestemmelsen må det:

- Ha oppstått uforutsette omstendigheter
- Ikke være mulig å utsette anskaffelsen i den tiden det tar å gjennomføre en konkurranse
- Det må være årsakssammenheng mellom de uforutsette omstendigheten og det at det ikke er tid til å gjennomføre en konkurranse.

Vilkåret «uforutsette omstendigheter» viser til force majeure-lignende forhold som jordskjelv, oversvømmelser, brann og lignende. Bestemmelsen dekker også andre tilfeller som oppdragsgiveren objektivt sett ikke kunne ha forutsett, for eksempel at eksisterende leverandør går konkurs eller at oppdragsgiveren må heve kontrakten på grunn av et vesentlig kontraktsbrudd. Manglende planlegging kan ikke begrunne bruk av bestemmelsen.

Det er videre et vilkår at anskaffelsen ikke kan utsettes i den perioden det tar å gjennomføre anskaffelsen. Dette beror på en konkret vurdering. Det må eksempelvis vurderes om liv eller helse står på spill eller om det er eiendom eller andre verdier som kan bli ødelagt dersom anskaffelsen utsettes. Det vil ha betydning i denne vurderingen at man i del I og II ikke har minimumsfrister slik at en konkurranse etter del II vil kunne gjennomføres forholdsvis raskt.

AGDER KOMMUNEREVISJON IKS

Til sist er det et vilkår om årsakssammenheng mellom de uforutsette omstendighetene og det forhold at det ikke er tid til å gjennomføre konkurranse. Dette innebærer at unntaket ikke kommer til anvendelse dersom det er andre grunner til at det er nødvendig med en hasteanskaffelse.


Revisor skal uttale seg om kommunen i det all vesentligste har etterlevd bestemmelsene i lov og forskrift om offentlige anskaffelser.

Resultatet av kontrollen blir da at det er avdekket avvik ved 2 av 10 kontrollerte anskaffelser. Dette medfører at vi må avgis en modifisert uttalelse på området. Vi har derfor avgitt en uttalelse på at vi ikke er blitt oppmerksomme på noe, med unntak av forholdet som er omtalt i avsnittet «*Grunnlag for konklusjon med forbehold*», som gir oss grunn til å tro at Bygland kommune ikke i det alt vesentlige har etterlevd bestemmelsene i lov og forskrift om offentlige anskaffelser.


Vi ber kommunen om en skriftlig tilbakemelding innen 20. oktober 2020 på hvilke tiltak som iverksettes for å sikre at lov og forskrift om offentlige anskaffelser følges i fremtiden.

Evje, 25. september 2020


Tor Ole Holbek
Revisjonsdirektør


Tommy Pytten
Registrert revisor

Kopi: Rådmann





Landssamanslutninga av vasskraftkommunar

Forvaltningsrevisjon | Tokke kommune

Innhald

Samandrag	3
1. Innleiing.....	5
1.1. Bestilling frå kontrollutvalet.....	5
1.2. Bakgrunn.....	5
1.3. Problemstilling og revisjonskriterium.....	5
1.4. Metode og kvalitetssikring	6
1.5. Høyring.....	7
2. Om LVK.....	9
2.1. Føremål og vedtekter	9
2.2. Faste organ	9
2.3. Kontingent.....	13
3. Organisering av LVK	15
3.1. Revisjonskriterium	15
3.2. Administrativ organisering av LVK	18
3.3. Kostnadseffektiv drift og forvaltning	19
3.4. Habilitet og innsyn	21
3.5. Revisor si vurdering.....	23
4. Økonomistyring og rapportering.....	25
4.1. Revisjonskriterium	25
4.2. Budsjett	27
4.3. Rekneskap.....	29
4.4. Revisor si vurdering.....	31
5. Konklusjonar.....	33
Litteratur og kjeldereferansar	35
Vedlegg.....	36
Høyringsuttaler	36
Metode og kvalitetssikring	51

Samandrag

Bakgrunn

Forvaltningsrevisjonen er bestilt av kontrollutvalet i Tokke kommune i sak 21/19. Kontrollutvalet handsama bestillinga på nytt etter at LVK hadde nekta å gje innsyn i sak 2/20. Kontrollutvalet vedtok at forvaltningsrevisjonen likevel skulle gjennomførast.

Vi har undersøkt følgjande problemstillingar:

- Er det ei tenleg administrativ organisering av verksemda til LVK?
- I kva grad skjer økonomistyring og rapportering i samsvar med gjeldande krav og tilrådingar?

Administrativ organisering

LVK har organisert verksemda si gjennom ordningar med advokatane Lund og Stinesen frå tidleg 1980-tal, dvs. i 35-40 år. Då advokatane oppretta eige firma i 2007, inngjekk LVK rammeavtale med dette firmaet.

Vi har ikkje fått innsyn hos LVK og kan difor ikkje vurdere om den administrative organiseringa er tenleg. Vi kan derimot sjå at det er ulemper og fordeler ved valt organisering.

Val av organisasjonsform har betydning både for kvalitet og kostnad. Den organisasjonsforma som LVK har valt, har gitt kontinuitet over lang tid, noko som må reknast som ein fordel for LVK. På den andre sida er den valte organiseringa sårbar for endringar, og har også andre ulemper som vi kommenterer nedanfor.

Formelt er det landsstyret ev. arbeidsutvalet som har ansvar for å følgje opp avtala med Lund & Co. Det vil normalt vere krevjande for politisk valte representantar å ha fullgod oversikt over oppdrag og leveransar, eventuelle behov for kontraktsoppfølging med meir. Ei organisering som skil bestillar/oppdragsgivar frå leverandør, vil normalt sikre kjøp av rette tenester med rett kompetanse og til rett pris. Vi kan ikkje sjå at dette omsynet er godt ivaretatt ved den organiseringa som LVK har valt.

LVK har ikkje skriftlege reglar om habilitet. Etter vårt syn burde habilitet ha vore regulert i organisasjonen sine vedtekter. Slike reglar ville bidra til å sikre at saksutgreiing og avgjerder ikkje vart gjort av nokon som har direkte eller indirekte personleg interesse av utfallet av saka, eller der det ligg føre tilhøve som er eigna til å svekke tilliten til saksutgreiing og avgjerder.

Som ein interesseorganisasjon er ikkje LVK omfatta av offentleglova, og kan truleg ikkje praktisere openheit på lik linje med vanleg offentleg verksemd. LVK framstår som ein lite open organisasjon. Vi er undrande til at dokument som i utgangspunktet er offentlege når dei kjem til handsaming i medlemskommunane, ikkje er offentlege hos LVK. Likevel bør det faktum at verksemda er finansiert av offentlege midlar, og at formålet er å ivareta medlemskommunane sine interesser, telje med når ein vurderer korleis ein vil praktisere innsyn i verksemda til organisasjonen.

Budsjett og rekneskap

LVK har valt ein budsjettpraksis som gir stor fridom til styre, arbeidsutval og ev. sekretariat når det gjeld forvaltning og bruk av midlar. Ordninga gir stor fleksibilitet for styre og arbeidsutval, men avgrensa høve for medlemskommunane til å styre og kontrollere korleis foreininga sine midlar vert brukt. Samanlikning mellom budsjett og rekneskap for 2017 og 2018, viser at LVK har gått over budsjetttramma begge åra.

LVK utarbeider årsrekneskap etter rekneskapslova. Dette sikrar at rekneskapen vert sett opp etter anerkjente prinsipp for rekneskapsføring. Rekneskapen vert revidert. Det gir medlemmane tryggleik for at rekneskapen viser eit rett bilete på den økonomiske situasjonen i foreininga.

Landsmøtet har eit ansvar for å halde kontroll med korleis midlane til skatteytarane i medlemskommunane vert brukt. Foreininga avlegg rekneskap etter rekneskapslova. I LVK er *Andre driftsutgifter* den største utgiftsposten. Rekneskapslova krev ikkje at denne rekneskapsposten skal spesifiserast, og det har heller ikkje LVK gjort. Det er difor eit spørsmål om det burde ha vore gitt meir detaljert rekneskapsinformasjon enn kva som er kravet i rekneskapslova. Informasjon om utgiftssida er viktig informasjon for å kunne vurdere om drifta er kostnadseffektiv.

Bø, 14. mai 2020

Vestfold og Telemark revisjon IKS

1. Innleiing

1.1. Bestilling frå kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjonen er bestilt av kontrollutvalet i Tokke kommune i sak 21/19. Kontrollutvalet handsama bestillinga på nytt etter at LVK hadde nekta å gje innsyn i sak 2/20. Kontrollutvalet vedtok at forvaltningsrevisjonen likevel skulle gjennomførast.

Reglane om forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll står i kommunelova kapittel 23 og i forskrift om kontrollutval og revisjon. Sjå særleg kommunelova § 23-2, første ledd bokstav c og d, jf. § 23-3, § 23-6 og § 24-2.

1.2. Bakgrunn

Landssamanslutninga for vasskraftskommunar (LVK) skal ivareta interessene til medlemmene i saker om kraftutbygging, energi, kommuneøkonomi og naturmiljø. 159 kommunar er medlemmer i foreininga. Tokke er ein av medlemskommunane.

LVK vedtok å auke kontingenten i 2019. Tokke var imot denne auken, og meinte at LVK i staden bør sjå på tiltak for å redusere kostnadene.

1.3. Problemstilling og revisjonskriterium

Rapporten handlar om følgjande problemstillingar:

- Er det ei tenleg administrativ organisering av verksemda til LVK?
- I kva grad skjer økonomistyring og rapportering i samsvar med gjeldande krav og tilrådingar?

Revisjonskriteria¹ i denne forvaltningsrevisjonen er henta m.a. frå kommunelova, offentleglova, forvaltningslova, og lov om offentlege anskaffingar. Det er greidd ut nærare om revisjonskriteria under kvar problemstilling.

1.4. Metode og kvalitetssikring

Denne forvaltningsrevisjonen er gjennomført av forvaltningsrevisor Anne Hagen Stridsklev med Kirsti Torbjørnson som oppdragsansvarleg.

Kontrollutvalet har ikkje innsynsrett etter kommunelova i ei foreining som LVK. LVK kan likevel velje å gje innsyn til forvaltningsrevisjon. Vi spurte LVK om innsyn i brev 16. desember 2019. Arbeidsutvalet i LVK sendte vår førespurnad til handsaming i landsstyret. Landsstyret gjorde følgjande vedtak i møtet 6. februar 2020:

Kommuneloven § 23-3 inneholder følgende definisjon av en forvaltningsrevisjon: Forvaltningsrevisjon innebærer å gjennomføre systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, regeletterlevelse, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak.» En forvaltningsrevisjon er først og fremst ment som verktøy for den enkelte kommunes kontrollutvalg i utvalgets kontroll med egen kommune. Landsstyret kan ikke se at kontrollutvalget i en medlemskommune, i dette tilfelle Tokke kommune, har myndighet eller nødvendig kompetanse til å iverksette noen forvaltningsrevisjon av LVK. En slik rett for en medlemskommune ville måtte innebære tilsvarende rett for alle medlemskommuner. Landsstyret mener at kontrollutvalget i Tokke kommune med sitt krav har gått utenfor sine oppgaver.

For ordens skyld viser Landsstyret til at det hvert år foretas en uavhengig revisjon av LVKs årsregnskap, som gjengis i årsmeldingen, at det er landsmøtet som fastsetter budsjett og godkjenner regnskap og at et utvidet landsstyre hvert år arrangerer et to dagers strategimøte med samtlige varamedlemmer til stede, til behandling av økonomi, produktivitet, måloppnåelse mv.

¹ Revisor skal alltid etablere revisjonskriterium i forvaltningsrevisjon, jf. forskrift om kontrollutval og revisjon § 15. Revisjonskriterium er dei reglar og normer som gjeld innanfor det området vi skal undersøke. Revisjonskriteria er grunnlaget for revisor sine analysar, vurderingar og konklusjonar.

I tillegg vedtok et enstemmig Landsstyre:

LVK kan møte Telemark Kommunerevisjon IKS for å være sikre på at de har rett forståelse av organiseringen.

Forvaltningsrevisjonen er som følgje av dette utarbeidd på bakgrunn av opne kjelder. Redusert tilgang på informasjon har verknad for kor detaljert vi kan svare på problemstillingane og kor konkrete vi kan vere i vurderingar og konklusjonar.

Det står meir om metode og tiltak for kvalitetssikring i vedlegg 3 til rapporten.

1.5. Høyring

Rapporten er sendt til uttale til Tokke kommune og til LVK jf. forskrift om kontrollutval og revisjon § 14, sjå høyringsvar i vedlegg. Både kommunen og LVK har merknader til rapporten. Merknadene har ført til enkelte endringar, og er i hovudsak kommentert på aktuell stad i rapporten.

Merknad frå LVK om mandat og metode

LVK stiller spørsmål ved om vi har vurdert om VTR har den kompetansen som trengst og om vi er uavhengige. LVK stiller spørsmål ved om revisjonen er i tråd med retningslinene frå Norges kommunerevisorforbund (NKRF).

VTR har i samsvar med RSK 001² gjort vurderingar av vår kompetanse og uavhengigheit. Vurderingane er dokumentert internt, og kan bli kontrollert av NKRF gjennom den forbundsbaserte kvalitetskontrollen. RSK 001 krev ikkje at slike vurderingar skal gå fram av rapporten.

Vidare peikar LVK på at ein organisasjon som LVK ikkje er omfatta av reglane om forvaltningsrevisjon. Vår vurdering er at LVK ikkje er omfatta av den plikta kommunen v/ kontrollutvalet har til å gjere forvaltningsrevisjon, og er heller ikkje omfatta av den innsynsretten kontrollutvalet har i høve til sjølvstendige rettssubjekt utanfor kommunen. I rettleiingsmaterieill frå NKRF er det lagt til grunn at kommunen v/kontrollutvalet etter omstenda både kan og bør gjere

² Gjeldande RSK 001 er fastsett av Norges Kommunerevisorforbunds styre med virkning frå 1 februar 2011, og er gjeldande som god kommunal revisjonsskikk. Standarden bygger på norsk regelverk og internasjonale prinsipp og standarder, fastsett av International Organization of Supreme Audit Institutions (INTOSAI) og Institute of Internal Auditors (IIA).

forvaltningsrevisjon også i organisasjonsformer der kontrollutvalet ikkje har innsynsrett, til dømes foreiningar, og at ein i slike tilfelle må bygge på avtalt innsyn, samtykke til innsyn eller opne kjelder.³

³NKRF: Veileder i selskapskontroll (2018) pkt. 4.3, s. 15.

2. Om LVK

2.1. Føremål og vedtekter

Det er fastsett vedtekter for LVK. Vedtektene vart sist vedtatt på ekstraordinært landsmøte 23. mai 2019. Føremålet til LVK går fram av vedtektene:

LVK har som formål å ivareta medlemskommunenes interesser i alle spørsmål med tilknytning til kraftutbygging, energi, kommuneøkonomi og naturmiljø. Beskatning av kraftanlegg og andre økonomiske og naturfaglige rammebetingelser for energiforsyningen står sentralt i arbeidet. LVK skal delta i den energipolitiske debatten og bidra til å fremheve de miljømessige fortrinn vannkraften har som fornybar og forurensningsfri energikilde.

Det følgjer også av vedtektene at LVK skal arbeide innanfor det arbeidsprogrammet som landsmøtet har vedtatt.

Alle kommunar som

- har planlagde eller utbygde kraftverk på minst 30 GWh, eller som har søkt om eller fått konsesjon til kraftverk på minst 30 GWh, innanfor sine grenser, eller
- vert berørt av reguleringsanlegg, magasin, utbygde, overførte eller regulerte vassdrag til/frå kraftverk nemnt i første kulepunkt

kan vere medlem i LVK. Landsstyret kan dispensere frå desse krava i særskilte høve. Kommunar som har «overveiende» eigarinteresser i kraftverk kan ikkje vere medlem av LVK.

2.2. Faste organ

Landsmøtet

Landsmøtet er det øvste organet i LVK. Alle medlemskommunar har møte-, stemme- og forslagsrett. Kvar kommune har ei stemme, og vedtak treffast med alminneleg fleirtal.

Det er landsmøte annakvart år. Landsmøtet skal handsame følgjande saker

- val av to representantar til å underteikne protokollen
- landstyret si årsmelding for dei to føregåande år
- landsstyret sitt forslag til rekneskap for dei to føregåande år
- landstyret sitt forslag til budsjett for dei to kommande åra
- val av leiar, medlem og varamedlem til landsstyret
- val av valkomité
- ev. andre saker foreslått av landsstyret
- ev. forslag frå medlemmer

Det skal kallast inn til ekstraordinært landsmøte dersom ein fjerdedel av medlemmane krev det, eller dersom landstyret finn det nødvendig.

I år då det ikkje er landsmøte, skal det vere regionsmøte for medlemmane i eit eller fleire fylke. I regionsmøta skal det gis nødvendig og gjensidig informasjon om saker som er aktuelle for organisasjonen og for medlemmane. Det er landsstyremedlemmane i kvart fylke som er ansvarlege for å kalle inn regionsmøte. Det kan kallast inn til ekstraordinære regionsmøte ved behov.

Det var ekstraordinært landsmøte 23. mai 2019. Då handsama landsmøtet saker om auke av kontingenten og endring av vedtektene. Det skal vere ordinært landsmøte i august 2020.

Landsstyret

Landsstyret er den høgste mynda i LVK i tida mellom landsmøta. Landstyret skal ha ein leiar og to representantar frå kvart fylke. Det skal veljast ein mann og ei kvinne frå kvart fylke og landsstyremedlemmane skal ha partipolitisk breidde. Berre personar med sentrale politiske verv eller kommunale stillingar i LVK-kommune kan veljast.

Det skal veljast tre vararepresentantar frå kvart fylke. Vedtektene set ikkje krav til kjønnsrepresentasjon ved val av vararepresentantar.

Landstyret blir valt for to år. Landsstyremedlem og varamedlem kan gjenveljast for inntil fire periodar i same funksjon, slik at maksimal funksjonstid i same funksjon er 10 år.

Landsstyret avgjer saker ved simpelt fleirtal. Ved stemmelikskap er det styreleiars stemme som avgjer.

Landsstyret skal

- leie LVK si verksemd
- utarbeide årsmelding om verksemda til LVK
- leggje fram rekneskap og forslag til budsjett for landsmøtet
- gje uttaler på vegne av LVK
- sette ned underutval for å arbeide med særskilte saker
- fastsette rammer for deltaking i forvaltningssaker, rettssaker og konsultasjonsverksemd
- kalle inn til landsmøte og foreslå dagsorden for landsmøtet

Landstyret i LVK har 17 medlemmer, 11 menn og 6 kvinner. Sittande styre vart valt for tre år⁴ på landsmøtet i 2017. 10 fylke er representert i styret. Dette er Rogaland, Innlandet, Agder, Viken, Vestfold og Telemark, Vestland, Trøndelag, Nordland, Troms og Finnmark og Møre og Romsdal.

Leiar (styreleiar)

Landsmøtet vel leiar. Leiar skal leie landstyret og arbeidsutvalet, og skal sørge for at landsstyret og arbeidsutvalet har møte så ofte som nødvendig.

Leiar veljast for to år, og kan gjenveljast for inntil fire periodar, dvs. ha inntil 10 år i same funksjon. Noverande leiar Torfinn Opheim, vart fyrste gong valt til leiar i LVK i 2013. Han er fulltidstilsett i LVK.

Det er inngått arbeidsavtale mellom styret og styreleiar. Ifølgje arbeidsavtala har styreleiar følgjande arbeidsoppgåver:

Leder utfører oppgaver etter landsstyrets og arbeidsutvalgets bestemmelse. Leder rapporterer til arbeidsutvalget og landsstyret. Sekretariat for landsstyret er også sekretariat for leder.

⁴ Landsmøtet i 2017 vedtok å endre tidspunkt for landsmøte fra oddetalsår til partallsår. Som ei følgje av dette vart det vedtatt ein overgangsbestemmelse om at landsstyret som vart valt i 2017, skulle veljast for tre år, jf. § 18 i vedtektene.

Leder skal aktivt følge opp LVKs medlemskommuner med informasjon, bistand og veiledning.

Leder skal ha løpende kontakt med sekretariatet om prioritering og oppfølging av LVKs oppgaver. Leder skal delta på alle LVKs arrangementer, så som landsstyremøter, arbeidsutvalg, strategimøter, utvalgsmøter, region-, fylkesmøter og landsmøte, med mindre annet er bestemt i det enkelte tilfelle.

Leder skal være LVKs samfunnskontakt mot media, andre organisasjoner, og offentlige myndigheter.

Alle innkallinger til møter, referater, presentasjoner og andre dokumenter sendes sekretariatet for arkivering i LVKs arkiv

Arbeidsutvalet

Arbeidsutvalet skal veljast av og blant landsstyret sine medlemmer. Arbeidsutvalet skal ha fire medlemmer, og skal bestå av styreleiar og tre medlemmer. Arbeidsutvalet skal veljast slik at det nordafjelske, østafjelske og vestafjelske⁵ er representert med ein medlem og ein varamedlem kvar.

Arbeidsutvalet skal veljast for to år.

Arbeidsutvalet

- har ansvar for dagsorden på landsstyremøta
- utfører dei oppgåver som landsstyret pålegg utvalet
- avgjer saker som er delegert frå landsstyret
- avgjer saker som krev så rask handsaming at ein ikkje rekk å kalle inn landsstyret

⁵ Nordafjelske består av Trøndelag, Nordland og Troms og Finnmark. Østafjelske består av Innlandet, Viken og Vestfold og Telemark. Vestafjelske består av Agder, Rogaland, Vestland og Møre og Romsdal.

Valkomit 

Landsm tet skal velje ein valkomit  med fem medlemmer. Begge kj nn skal vere representert. Valkomiteens skal veljast for to  r.

Valkomiteen skal fremme forslag for landsm tet om

- kven som skal veljast som leiar
- medlemmer og varamedlemmer til landsstyret

Etter at landsm tet har valt styre og leiar, skal valkomiteen fremme forslag for landsstyret om nestleiar i styret og i arbeidsutvalet. Det vil at seie at landsm tet vel landsstyre og styreleiar, medan det er landsstyret som vel nestleiar.

Sekretariatet

Sekretariatet har ansvaret for innkalling til landsm tet, landstyrem te og arbeidsutvalsm te og st r for dagleg korrespondanse. Sekretariatet deltek i og skriv referat fr  m ta, og har ogs  sekretariatfunksjonen for underutval.

Sekretariatet f rer rekneskap, utarbeider forslag til budsjett, og har ansvar for medlems- og saksarkiv.

Sekretariatet gjer elles dei oppg vene som vert p lagt av LVK sine organ.

2.3. Kontingent

Verksemda til LVK er finansiert av kontingenten som medlemmene betaler. Kontingenten vert fastsett av landsm tet, sist p  ekstraordin ert landsm te i mai 2019.

Kontingenten er berekna ut fr  kommunane sine kraftinntekter

- 1,5 % av konsesjonsavgift
- 1,3 % av 40 % av naturressursskatt
- 0,09 % av eigedomskatt p  vasskraftanlegg

Minstekontingent er kr 6 000 per  r.

I sum skal dette gje LVK ei inntekt på nær 18 mill.kr i året. Kontingenten frå kommunane varierer frå kr 6 000 til 600 000 - 700 000 per år. Det er kommunar som Suldal, Bykle og Vinje som betaler kontingent på det høgste nivået. Tokke betaler kr 271 000 i kontingent for 2020.

3. Organisering av LVK

Er det ei føremålstenleg administrativ organisering av LVK?

3.1. Revisjonskriterium

Om organisering av foreiningar

LVK er registrert med organisasjonsforma foreining/lag/innretning. Vi vil heretter omtale LVK som ei foreining. Det er ikkje lovregulert korleis foreiningar skal organiserast. Foreiningar er sjølveigande og det er vedtektene som fastset rammene for korleis foreininga skal organiserast og kva for reglar som skal gjelde.

Generelle reglar om organisering av kommunar og kommunal verksemd

LVK er ei foreining for kommunar. Foreininga skal ivareta innbyggjarane sine interesser i samband kraftutbygging i kommunen. Det er folkevalde og kommunalt tilsette som er valt til å representere kommunane i foreininga sine leiande organ, og det er kommunane som finansierer verksemda gjennom kontingenten. Som grunnlag for å vurdere organiseringa av ei foreining som LVK, er det difor nærliggande å sjå på kva reglar og tilrådingar som gjeld for organisering av kommunal verksemd.

- Kommunelova
Kommunelova § 1-1 legg til grunn at kommunar skal vere effektive, tillitsskapande og berekraftige.
- KS sine tilrådingar for godt eigarskap
Eigar har ansvar for å sikre ei selskapsform som er tilpassa føremålet til selskapet, eigar sitt styringsbehov, samfunnsansvar, omsynet til innsyn, marknadsforhold og aktuelt lovverk (tilråding nr. 2).

Om innsyn

I offentlig forvaltning er hovudregelen at alle kan krevje innsyn i saksdokument, journalar og andre liknande register. Dette er regulert i offentleglova § 3. Føremålet med innsynsreglane er å leggje til rette for at offentlig verksemd er open og gjennomsiiktig, for slik å styrkje informasjons- og

ytringsfridommen, den demokratiske deltakinga, rettstryggleiken for den enkelte, tilliten til det offentlege og kontrollen frå ålmenta.

Ein kommune skal nekte innsyn dersom dei etterspurde dokumenta inneheld opplysningar som er underlagt teieplikt. Teieplikt er regulert i forvaltningslova § 13. Det er teieplikt om opplysningar om personlege forhold og om tekniske innretningar og framgangsmåtar samt drifts- eller forretningsforhold som er av konkurransemessig betydning for den opplysningane gjeld. Vidare kan kommunen nekte innsyn dersom ulike spesifiserte vilkår er oppfylt, jf. offentleglova §§ 14 til 26. Til dømes kan kommunen nekte innsyn i interne dokument og av omsyn til sin eigen forhandlingsposisjon. I slike høve skal kommunen alltid vurdere meirinnsyn, og bør gi innsyn dersom omsynet til offentleg innsyn veg tyngre enn behovet for unntak.

Ifølge § 2 gjeld offentleglova for:

- staten, fylkeskommunane og kommunane
- andre rettssubjekt i saker der dei gjer enkeltvedtak eller utferdar forskrift,
- sjølvstendige rettssubjekt der stat, fylkeskommune eller kommune direkte eller indirekte har ein eigardel som gir meir enn halvparten av røystene i det øvste organet i rettssubjektet, og
- sjølvstendige rettssubjekt der stat, fylkeskommune eller kommune direkte eller indirekte har rett til å velje meir enn halvparten av medlemmene med røysterett i det øvste organet i rettssubjektet.

Offentleglova gjeld likevel ikkje for interesseorganisasjonar, jf. offentlegforskrifta §1. Opning for innsyn kan regulerast i vedtekter. Vi legg til grunn at ei foreining som er oppretta, styrt og finansiert av kommunar, i størst mogleg grad bør vere open om verksemda si.

Om habilitet

Forvaltningslova har reglar om habilitet. Dei regulerer når personar av ulike årsaker ikkje kan handsame eller avgjere saker. Hovudregelen i § 6 er at ein tenestemann er ugild til å førebu grunnlaget for ei avgjerd eller til å treffe avgjerd i ei forvaltningssak når

- han er part i saka
- han er i slekt/familie med nokon som er part i saka
- han er leiar eller har leiande stilling, er medlem i styret for m.a. selskap eller foreiningar som er part i saka
- det føreligg andre særeigne forhold som er eigna til å svekke tilliten til at han er upartisk.

Forvaltningslova gjeld for verksemda til forvaltningsorgan. Eit forvaltningsorgan er eit kvart organ for stat eller kommune, jf. forvaltningslova § 2. Lova gjeld som hovudregel ikkje for sjølvstendige rettssubjekt som ikkje utøver mynde, til dømes aksjeselskap og foreiningar, sjølv om dei er offentleg finansierte. Vi legg til grunn at forvaltningslova ikkje gjeld for LVK si verksemd.

Habilitetsreglane i forvaltningslova gjeld for den som utfører arbeid eller teneste for eit forvaltningsorgan, jf. forvaltningslova §10. Habilitetsreglane gjeld dermed for dei som på vegne av kommunen, utfører oppgåver eller verv i eigarorganet i LVK. Men habilitetsreglane i forvaltningslova gjeld ikkje direkte for den som utfører teneste eller verv for foreininga.

Selskapslovgivinga har også reglar om habilitet. Til dømes kan ikkje eit styremedlem i aksjeselskap delta i handsaming eller delta avgjerder av spørsmål som har særleg betydning for styremedlemmen eller for nokon som er nærstående til styremedlemmen, jf. aksjelova § 6-27. Det same gjeld for stiftingar. Styremedlem eller dagleg leiar kan ikkje delta i handsaming eller delta i avgjerder som har personleg eller økonomisk interesse for han sjølv eller for nokon som er nærstående til dagleg leiar/styremedlemmen, jf. stiftelseslova § 37.

Eit samvirkeføretak er ei samanslutning som har til hovudformål å fremje dei økonomiske interessene til medlemmane gjennom deira deltaking i verksemda som avtakarar, leverandørar eller på annan liknande måte m.m, jf. samvirkelova § 1. Samvirkelova har reglar om habilitet ved røysting på årsmøtet (§ 39) og for styret og dagleg leiar (§ 89).

I ei foreining gjeld det i utgangspunktet ikkje reglar om habilitet for generalforsamlinga (landsmøtet), men for LVK vil forvaltningslova sine habilitetsreglar gjelde, som følgje av at representantane utfører verv for kommunen. For dei fleste foreiningar legg ein til grunn at visse grunnleggande habilitetsreglar gjeld for styremedlemmene, sjølv om det ikkje er regulert i vedtektene.⁶ Desse reglane er avgrensa, og har ikkje same rekkevidde som habilitetsreglar etter forvaltningslova.

Krav om habilitet kan regulerast i vedtektene. Vi legg til grunn at ei foreining som er oppretta, styrt og finansierte av kommunar for å ivareta offentlege interesser, bør ha reglar om habilitet.

⁶ Woxholt, Foreningsrett, s. 329 – fremtredende særinteresser.

Om innkjøp

Føremålet med lov om offentlege anskaffingar er å fremme effektiv bruk av samfunnet sine ressursar. Lova skal også bidra til at det offentlege opptre med integritet, slik at ålmenta har tillit til at offentlege anskaffingar skjer på ein samfunnstenleg måte.

Lov om offentlege anskaffingar gjeld ifølgje § 2 m.a. for statlege styresmakter, fylkeskommunar, kommunar og offentlegrettslege organ. Offentlegrettslege organ er ifølgje forskrift om offentlege anskaffingar § 1-2, organ som

- er oppretta for å tene ålmenta sine behov og ikkje er av industriell eller forretningsmessig karakter,
- er et sjølvstendig rettssubjekt som hovudsakleg er offentleg finansiert, offentleg forvalta eller offentleg styrt

LVK er ikkje oppretta for å tene ålmenta sine behov, og er difor ikkje omfatta av lov om offentlege anskaffingar. Dette gjeld sjølv om verksemda både er styrt og finansiert av det offentlege.

Kommunane har etter kommunelova § 1, likevel ansvar for korleis kommunen sine midlar blir brukt og forvalta. Vi legg til grunn at ei foreining som er oppretta, styrt og forvalta av kommunar bør ha tiltak for å sikre at drift og organisering er kostnadseffektiv og at ressursane blir nytta på best mogleg måte.

Revisjonskriterium:

- LVK bør sikre at drift og forvaltning av foreininga er kostnadseffektiv og at foreininga sine ressursar vert utnytta på best måte.
- LVK bør sikre at vanlege reglar om habilitet vert følgde eller gjeld for foreininga
- LVK bør sikre openheit om si verksemd

3.2. Administrativ organisering av LVK

LVK sin styreleiar er heiltidstilsett i LVK. Han skal leie landsmøtet, og møter styret og arbeidsutvalet, og andre oppgåver ifølgje arbeidsavtala. Styreleiar gjer ikkje saksutgreiing for styre eller arbeidsutval.

Merknad frå LVK om saksutgreiing:

Styreleiar har i møte med oss sagt at han ikkje førebur saker til landsstyret eller arbeidsutvalet. Ifølgje høyringssvaret gjer ikkje styreleiar rettsleg saksutgreiing, men han greier ut andre saker for styre/arbeidsutval.

Bortsett frå styreleiar, har ikkje LVK fast tilsette.

LVK kjøper administrative og juridiske tenester frå Advokatfirmaet Lund & Co. Lund & Co har hovudfokus på utvalde rettsområde, som til dømes fornybar energi (vind og vatn) og miljø og naturressursar.⁷ Firmaet vart oppretta i 2007 av advokatane Caroline Lund og Stein Erik Stinesen med fleire. LVK har brukt advokatane Lund og Stinesen sidan tidleg på 1980-talet. Då dei oppretta eige firma, valte LVK å inngå rammeavtale med firmaet.

Lund & Co hadde ei omsetning på 50,6 mill. kr i 2018.⁸ Oppdraget frå LVK utgjer ca. 20 % av inntektene.⁹

Advokat Stein Erik Stinessen er registrert som dagleg leiar i LVK. Ifølgje Brønnøysundregistra har han signatur aleine. Funksjonen dagleg leiar er ikkje regulert i LVK sine vedtekter. Ifølgje styreleiar er dette ei rein praktisk ordning. Dagleg leiars arbeidsoppgåver er avgrensa til å følgje opp offentlege register på vegne av foreininga. Ifølgje LVK er det ikkje knytt særskilt godtgjering til stillinga. Det er elles ikkje eit krav om at organisasjonar som LVK har ein dagleg leiar. Offentlege register, som Brønnøysundregistra krev berre ein kontaktperson.

3.3. Kostnadseffektiv drift og forvaltning

Så vidt vi kjenner til, er det ikkje henta inn tilbud frå andre tenesteleverandørar for å samanlikne prisar på merkantile og juridiske tenester.

⁷ <https://lundogco.no/>

⁸ www.proff.no

⁹ Caroline Lund til Energi 10/2019

Vi har tilgang LVK sine årsberetningar, men vi har ikkje tilgang til meir detaljerte rekneskapsdata enn det som kjem fram der.

Tabell 1 Lønsutgifter i 1000 kr

	2019	2018	2017
Lønn	1592	1574	1751
Av dette er flg. Spesifisert			
Løn styreleiar	995	991	996
Godtgjering styremedlem	404	404	580

Ifølge årsberetninga har foreininga tilsett eit årsverk (styreleiar) i 2019. Løna til styreleiar var kr 995 000. LVK dekker pensjonsordning for styreleiar med kr 32 000¹⁰. I tillegg til løn til styreleiar og styregodtgjering, hadde LVK ei lønsutgift på kr 193 000. Ifølgje LVK gjeld denne lønsutbetalinga overtid som merkantilt tilsette hos Lund & Co har i samband med møter og seminar.

Dersom eit selskap har innleigd dagleg leiar, skal honoraret for dagleg leiing førast opp som yting til dagleg leiar i lønsnota i årsrekneskapan.¹¹ Det går ikkje fram av årsrekneskapan (lønsnota) om delar at godtgjeringa til Lund & Co gjeld dagleg leiing. Ifølgje LVK blir ikkje dagleg leiing godtgjort.

Tabell 2 Andre driftskostnader i 1000 kr

	2019	2018	2017
Andre driftskostnader	11206	14399	17792
Av dette er flg. spesifisert			
Honorar til revisor	21	25	41

Bortsett frå honoraret til revisor, har ikkje LVK spesifisert nærare kva dei ulike tenestene som inngår i denne posten har kosta. I note til rekneskapan vert det opplyst at posten inneheld utgifter til møte og seminar, rekneskapsførsel, kontordrift, og dessutan utgifter til sekretariat og juridisk bistand. Det er ikkje informert om kva LVK brukar på administrasjon og juridisk bistand, dvs. kva

¹⁰ I LVK sin årsrekneskap står det at denne pensjonsordninga gjeld dagleg leiar. LVK seier at dette er ein skrivefeil og at denne utgifta gjeld styreleiar.

¹¹ NRS 8 God regnskapsskikk for små foretak, pkt. 8.9.

foreininga betaler til Lund & Co. Ut i frå kva Lund & Co sjølve seier, utgjør oppdraget for LVK ca. 20 % av omsetjinga deira, dvs. rundt 10 mill. kr.

På spørsmål frå journalist i bladet Energi¹² om kva som er logikken i at ein interesseorganisasjon som LVK brukar dyre advokatar som sekretariat, svarer Caroline Lund:

Dette er ikke et spørsmål du skal stille til oss, men til oppdragsgiver... Samlet sett vil jeg tro at dette er en vesentlig rimeligere løsning enn om LVK hadde en administrasjon med egne ansatte. Vi jobber jo ikke med dette på heltid.

Journalisten seier at det verker ganske råflott å la seg representere av høgt gasjerte advokatar heile tida. Til dette svarar Lund:

Det er nok ikke en riktig framstilling. Jeg tror at landsstyret i LVK ser på denne ordningen som et billigere alternativ enn å ha fast ansatte. De administrative oppgavene utføres ikke av advokatene, og våre timepriser har betydelige rabatter sammenlignet med hva tilsvarende tjenester selges for til næringslivet.

3.4. Habilitet og innsyn

LVK omtalar ikkje omsynet til habilitet eller innsyn i sine vedtekter. Til samanlikning seier KS i sine vedtekter at habilitetsreglane i kommunelova og forvaltningslova gjeld for tilsette og for medlemmer av KS sine organ.

Styreleiar opplyser at LVK er opptatt av habilitet, på same måte som andre kommunale organisasjonar. Han viser til at sekretariatet i tillegg til dei habilitetsreglane som gjeld i offentleg forvaltning, er underlagt advokatetiske reglar i alt sitt arbeid for LVK. LVK praktiserer forvaltningslova sine reglar om habilitet i tråd med grunnleggande krav til offentleg verksemd. Styreleiar opplyser at det aldri har vore saker i LVK sine organ der det er reist spørsmål om nokon i styret eller i organisasjonen elles har vore i ein habilitetssituasjon.

Styreleiar viser vidare til at organisasjonen er bygd opp slik at det skal svært mykje til for å kome i ein habilitetssituasjon. Sekretariatet sine oppgåver følgjer av vedtektene og blir fastsett av

¹² Jf. Energi nr. 10/19

landsmøte, landsstyret, styreleiar og arbeidsutvalet. Arbeidsutvalet diskuterer jamleg kva arbeidsoppgåver som skal utførast av sekretariatet.

KS har heller ikkje reglar om openheit og innsyn i sine vedtekter, men saksdokument til hovudstyret og landsmøtet er tilgjengelege på KS sine heimesider. LVK legg ikkje ut slike saksdokument på nettstaden sin. Enkle nettsøk viser at saksdokument som er sendt til handsaming i medlemskommunar, ligg som offentlege dokument i kommunane sine postjournalar.

LVK legg ikkje ut informasjon om korleis tillitsvalte i LVK vert godtgjort. KS sitt godtgjeringsreglement ligg på KS sine nettsider.

Merknad frå LVK om innsyn:

LVK seier at landsmøtedokument og informasjon om godtgjering til tillitsvalte er tilgjengeleg på LVK sine nettsider.

Vi finn ikkje lenker verken til landsmøtedokument eller godtgjering på nettsida. Ved søk på nettsida finn vi ymse dokument (innkalling, foredrag og saksvedlegg) som gjeld landsmøte i perioden 2007-2014. Vi finn ikkje nyare landsmøtedokument.

Ved søk på nettsida finn vi ikkje informasjon om godtgjering til tillitsvalte.

LVK har medlemssider som krev pålogging. Vi har ikkje tilgang til medlemssidene.

3.5. Revisor si vurdering

Revisjonskriterium:

- LVK bør sikre at drift og forvaltning av foreininga er kostnadseffektiv og at foreininga sine ressursar vert utnytta på best måte.
- LVK bør sikre at vanlege reglar om habilitet vert følgde
- LVK bør sikre openheit om si verksemd

Drift og forvaltning

LVK har hatt organisert verksemda si gjennom ordningar med advokatane Lund og Stinesen frå tidleg 1980-tal, dvs. i 35-40 år. Då advokatane oppretta eige firma i 2007, inngjekk LVK rammeavtale med dette firmaet.

Val av organisasjonsform har betydning både for kvalitet og kostnad. Den organisasjonsforma som LVK har valt, har gitt kontinuitet over lang tid, noko som må reknast som ein fordel for LVK. På den andre sida er valt organisering sårbar for endringar, og har også andre ulemper.

Formelt er det landsstyret ev. arbeidsutvalet som har ansvar for å følgje opp avtala med Lund & Co. Det vil normalt vere krevjande for politisk valte representantar å ha fullgod oversikt over oppdrag og leveransar, eventuelle behov for kontraktsoppfølging eller behov for endring av andre ordningar. Ei organisering med klart skilje mellom bestillar/oppdragsgivar og leverandør, vil normalt sikre kjøp av rette tenester med rett kompetanse og til rett pris. Vi kan ikkje sjå at dette omsynet er godt ivaretatt ved den organiseringa som LVK har valt. Det kan også vere habilitetsproblematikk knytt til valt organisering, ved at det ikkje er tilstrekkeleg skilje mellom bestillar av tenester og utførar av tenester.

Vi kjenner ikkje til i kva grad LVK har vurdert anna organisering av sekretariatsfunksjonen, til dømes eit sekretariat med tilsette i administrative stillingar, kombinert med rammeavtaler om juridiske tenester med eit eller fleire advokatfirma, eventuelt i samarbeid med liknande organisasjonar. Vi kjenner heller ikkje til at det har vore konkurranse om heile eller deler av oppdraget for LVK, slik at ein veit om kvalitet og pris er det beste ein kan oppnå i marknaden.

Habilitet

LVK har ikkje reglar om habilitet i sine vedtekter. Etter vårt syn, burde ein offentleg finansiert organisasjon synleggjere kva reglar om habilitet som gjeld for saksutgreiing og avgjerder, sjølv om ein legg til grunn at enkelte grunnleggande habilitetsreglar gjeld for foreiningar, og sjølv om dette

blir praktisert i LVK. Dette burde gå fram av organisasjonen sine vedtekter. Slike reglar ville bidra til å sikre tilliten til saksutgreiing og avgjerder.

Openheit

LVK framstår som ein lite open organisasjon. Vi er undrande til at dokument som er offentlege når dei kjem til handsaming i medlemskommunane, ikkje er offentlege hos LVK. Som ein interesseorganisasjon kan LVK truleg ikkje praktisere openheit på lik linje med offentlig verksemd. Likevel bør det faktum at verksemda er finansiert av offentlege midlar, og at formålet er å ivareta medlemskommunane sine interesser, telje med når ein vurderer omsynet til innsyn.

4. Økonomistyring og rapportering

I kva grad skjer økonomistyring og rapportering i samsvar med gjeldande krav og tilrådingar?

4.1. Revisjonskriterium

Økonomistyring i kommunar

Budsjettet har ei sentral rolle i kommunal økonomistyring. Budsjettet skal vere realistisk og vise kva utgifter og inntekter som ein forventar at kommunen skal ha, jf. kommunelova § 14-5. Budsjettet er bindande, og er i realiteten ei fullmakt frå kommunestyret til kommuneadministrasjonen om kor mykje pengar dei kan bruke og kva dei skal bruke pengane på. Kommunen må utarbeide årsrekneskap i samsvar med kommunelova og god kommunal rekneskapsskikk, jf. kommunelova § 14-6. Kommunedirektøren må i tillegg rapportere til kommunestyret på pengebruken minimum to gonger gjennom året, og kommunestyret må då vurdere om dei vil gjere endringar i budsjettet. Kommunestyret er som øvste organ i kommunen ansvarleg for budsjett, rekneskap og økonomistyring. Kommunestyret pliktar å fastsetje nærare reglar for kommunen si økonomiforvaltning (økonomireglement), jf. kommunelova § 14-2 bokstav d). Dei fleste kommunar har eit slikt reglement som mellom anna viser kva for endringar andre politiske organ og administrasjonen har fullmakt til å gjere innanfor vedtatt budsjett.

Økonomistyring i interkommunale selskap

I interkommunale selskap skal representantskapet vedta budsjett for kommande kalenderår, jf. IKS-lova § 18. Årsbudsjettet skal gje eit realistisk bilete av verksemda, og vise forventa økonomisk resultat av drifta. Interkommunale selskap skal som hovudregel utarbeide rekneskap i samsvar med rekneskapslova, jf. IKS-lova § 27. Styret har etter IKS-lova § 13, ansvar for å sjå etter at verksemda drivast i samsvar med selskapet sitt formål, selskapsavtala, årsbudsjett og vedtatt og retningsliner fastsett av representantskapet. Styret skal sørge for at bokføring og formueforvaltning er gjenstand for betryggande kontroll. Styret skal føre tilsyn med dagleg leiars leiing av verksemda. Styret skal rapportere vesentlege budsjettavvik til representantskapet, og legge fram forslag til revidert budsjett, jf. IKS-lova § 19.

Økonomistyring i aksjeselskap

Budsjett er ein viktig reiskap for god økonomistyring i private selskap også, men budsjett er ikkje lovregulert på same måte i selskapslovgivinga som det er i kommunelova. I aksjeselskap har styret ansvar for forvaltninga av selskapet, og ansvar for at verksemda har ei forsvarleg organisering. Aksjelova § 6-12 fastset at styret skal i den grad det er nødvendig fastsetje planar og budsjett for verksemda i selskapet. Aksjeselskap skal utarbeide rekneskap i samsvar med rekneskapslova, jf. rekneskapslova § 1-2. Styret skal halde seg orientert i selskapet si økonomiske stilling og sjå etter at verksemda, rekneskapen og formueforvaltninga er gjenstand for betryggande kontroll. Styret skal iverksette dei undersøkingar det finn nødvendig for å kunne utføre sine oppgåver. Styret skal iverksette slike undersøkingar eitt eller fleire av styremedlemmene krev dette.

Styret har ansvar for å føre tilsyn med dagleg leiar, jf. aksjelova § 6-13. Dagleg leiar skal m.a. minst kvar fjerde månad gje styret underretning om selskapet si verksemd, stilling og resultatutvikling, jf. aksjelova § 6-14.

Økonomistyring i foreiningar

Økonomiske foreiningar og foreiningar som har eigedelar verdt meir enn 20 mill. kr eller som har tilsett meir enn 20 årsverk pliktar å føre rekneskap i samsvar med rekneskapslova, jf. rekneskapslova § 1-2. LVK er såleis ikkje pliktig til å følgje rekneskapslova. Det er likevel tilrådd¹³ at alle organisasjonar fører rekneskap, sjølv om dei formelt ikkje har plikt til det. Dette er viktig, både av omsyn til den interne kontrollen og for at verksemda ved behov kan legge frem rekneskapen som dokumentasjon.

Føremålet med å avlegge ein rekneskap er å oppfylle brukarane sine behov for informasjon.

Rekneskapen skal gje størst mogleg nytteverdi for brukarane. Ei foreining som LVK har ei noko annleis samansetjing av rekneskapsbrukarar enn eit føretak med økonomisk verksemd.

Foreiningar og stiftingar har ikkje eigarar/investorar, så eigarar og investorar er dermed ikkje relevante rekneskapsbrukarar for dei. Ideelle organisasjonar har ofte bidragsytarar (offentlege og private) som sentrale brukarar av rekneskapsinformasjon, og i foreiningar vil medlemmene vere sentrale brukarar. Høvet til å føre kontroll med at midlar som foreininga får blir forvalta i samsvar med føremålet, er viktig i slike organisasjonar.

¹³ <https://www.skatteetaten.no/bedrift-og-organisasjon/rapportering-og-bransjer/bransjer-med-egne-regler/frivillige-og-ideelle-organisasjoner/skatt-for/regnskap/>

Sidan LVK ikkje er rekneskapspliktig etter rekneskapslova, vil det vere vedtektene som regulerer korleis foreininga skal innrette seg når det gjeld rekneskap, budsjett og rapportering. Vi legg til grunn at ei foreining som LVK, med berre kommunale medlemmer, finansiert av kommunale midlar, både har budsjett og avlegg rekneskap. Budsjettet bør vere innretta slik at det fungerer som eit styringsverktøy for landsmøtet og styret. Rekneskapen bør vere innretta slik at den gir den informasjonen som medlemmene treng og ønskjer.

Revisjonskriterium:

- LVK bør ha eit budsjett som fungerer som eit økonomisk styringsverktøy
- LVK bør avlegge rekneskap med informasjon tilpassa brukarane sine behov

4.2. Budsjett

Vedtektene § 15 fastset at landsmøtet skal vedta budsjett for de to neste år, dvs. budsjett for tida fram til neste landsmøte. Vedtektene seier ikkje noko nærare om form og innhald i budsjettet.

Vedtektene regulerer ikkje om budsjettet skal regulerast dersom det oppstår vesentlege avvik eller kven som i så fall har fullmakt til å gjere det.

Tabell 3 Rammebudsjett i 1000 kr

	2017	2018	2019	2020
Driftsinntekter				
Inntekter	18450	16150	15300	16950
Sum driftsinntekter	18450	16150	15300	16950
Driftskostnader				
Løn/godtgjeringar	1996	2050	2100	2150
Annan driftskostnad	15518	13515	12345	14745
Sum ordinære driftskostnader	17514	15565	14445	16895
Driftsresultat	936	586	856	56
Finansinntekter og -kostnader				
Finansinntekter	200	100	100	100
Finanskostnader	3	0	0	0
Sum finanspostar	100	100	100	100
Disponibelt resultat	1136	685	956	156

Rammebudsjettet for 2018-2020 er henta frå årsmeldingane for 2017 og 2018. Rammebudsjettet for 2017 er henta frå årsmeldinga for 2015. Årsmeldinga for 2017 viser rammebudsjett for perioden 2018-2020, men ikkje budsjett-tal for 2017.

I note¹⁴ til årsrekneskapen 2019 skriv LVK

De utfordringer LVK og medlemskommunene står overfor, skifter over tid og i omfang. LVK har derfor som målsetting å opparbeide et reservefond tilsvarende ett års omsetning som en buffer mot uforutsette utfordringer. Særlig rettssaker kan utfordre LVKS økonomi og vil regelmessig være umulig å forutse i forbindelse med budsjettarbeidet. Men tilsvarende erfaringer har de senere år vært knyttet til verk og bruk- saken og kraftskatteutvalget, og er blitt mer regelen enn unntaket. Ingen av disse sakene var mulige å forutse under budsjettarbeidet.

De generelle utfordringer med å forutse kommende utfordringer og nødvendige budsjettposter, har blant annet ført til en langvarig praksis med forholdsvis grovmaskede kostnadsposter for å unngå omfattende arbeid med budsjettrevisjoner underveis. Det har vist seg hensiktsmessig og gitt landsstyret og arbeidsutvalget den nødvendige fleksibilitet i økonomiforvaltningen. Gjennom nære og effektive kommunikasjonsformer mellom landsstyret, arbeidsutvalg og sekretariat er det sørget for en forsvarlig og sakstilpasset økonomi, innenfor budsjetttrammer vedtatt av landsmøtet. Fra den grovmaskede økonomistyringen i landsmøtet til den finmaskede økonomistyringen gjennom landsstyre og arbeidsutvalg, anses kostnadskontrollen for tilfredsstillende.

Bortsett frå dette, kan vi ikkje sjå at avvik mellom budsjett og rekneskap vert kommentert i årsmeldingane.

Vedtektene § 14 fastset at LVK ynskjer å ha ein robust kapitalreserve. Årsaka til dette er at LVK vil har ressursar til å dekke uføresette utgifter knytt til saker som har stor betydning for organisasjonen. Landsmøtet skal bestemme kor stor reserven skal vere og kva den kan brukast til. Landstyret kan treffe vedtak om dette mellom landsmøta om det er naudsynt.

¹⁴ Note 4 – Annan egenkapital

Vi kjenner ikkje til om landsmøtet har gjort vedtak om kapitalreserven.

4.3. Rekneskap

Vedtektene § 15 fastset at arbeidsutvalet skal legge fram forslag til årsmelding og rekneskap på landsstyremøtet. Årsmeldinga skal innehalde eit kort referat av saker som LVK har arbeidd med føregåande år.

Årsmelding og rekneskap skal sendast til medlemskommunane før 1. juli kvart år. I dei åra det er landsmøte, skal årsmelding og årsrekneskap sendast saman med innkalling til årsmøtet.

Vedtektene regulerer ikkje om det skal rapporterast på rekneskapen gjennom året.

LVK set opp rekneskap og notar i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk.

Tabell 4 Utdrag frå LVK sitt årsrekneskap i 1000 kr

	2017	2018	2019
Driftsinntekter			
Kontingentar	14818	15200	14995
Andre inntekter	3429	2715	543
Sum	18247	17915	15538
Driftsutgifter			
Løn	2041	1839	1860
Andre driftsutgifter	17792	14399	11210
Sum	19833	16238	13070
Driftsresultat	-1586	1677	2468

Det er sett opp note m.a. for inntekter, lønskostnader og andre kostnader. Det er gitt meir detaljert informasjon om foreininga sine inntekter enn om utgiftene. Vi viser note 1 – *Inntekter* og note 3 *Annen driftskostnad* frå årsrekneskapen for 2019 for å illustrere forskjellen

Note 1 - Inntekter		
	2019	2018
3010 Medlemskontingent, avgiftspliktig	14 995 290	15 200 076
3015 LVK - skole kursavgift	(3 616)	(14 500)
3020 Kursavgift (rådgivning), avgiftspliktig	0	122 760
3030 Landsmøte - seminaravgift, avgiftspliktig	78 480	0
3040 Regionsmøte - seminaravgift, avgiftspliktig	0	1 422 432
3045 Øvrige seminarer, avgiftspliktig	9 528	336 522
3047 Deltageravgift – revisjonsseminar	36 400	52 972
3055 Eiendomsskattseminar	327 625	318 538
3056 Konesjonskraftseminar	135 240	0
3070 Juridisk bistand	0	428 497
3101 Omkostninger/utlegg, avgiftsfritt	1 539	0
3111 Salg jubileumsbok, avgiftsfritt	0	395
3115 Kursavgift LVK skole u/mva	5 000	0
3900 Annen driftsrelatert inntekt	(47 302)	47 302
Sum Inntekter	15 538 184	17 914 994

Medlemskontingenten er LVKs hovedinntektskilde, og bygger på medlemskommunenes inntekter fra naturressursskatt, konsesjonsavgifter og eiendomsskatt. Bakgrunnen for disse kontingentparametere er at de er forholdsvis stabile over tid og gir et uttrykk for kommunenes ulike kraftinntekter. Fordelingen mellom naturressursskatten, konsesjonsavgiftene og eiendomsskatten i kontingentgrunnlaget er 1,3% av konsesjonsavgiftene, 1,1% av 40% av naturressursskatten og 0,7 0/00 av et gjennomsnitt av eiendomsskatteinntektene i de tre foregående år. Indeksregulering av konsesjonsavgiftene skjer automatisk hvert 5. år.

Det har vært vurdert, men blitt forkastet å foreta en løpende indeksjustering av grunnlagene for medlemskontingenten. Bakgrunnen har dels vært at konsesjonsavgiftene allerede indeksjusteres hvert 5. år, og eiendomsskatten følger markedsutviklingen i kraftprisen. Kraftprisen er et viktig element i grunnlaget for konsumprisindeksen.

Regionmøter og seminarer. Inntektene stammer fra deltakeravgift fra medlemskommunene på LVKs regionmøter og seminarer. Inntektene motsvares av utgiftene som er henført under LVKs organisasjonskostnader.

Rekneskapslova § 7-8 krev at salsinntekter skal spesifiserast på verksemdsområde og geografisk marknad. Det er ikkje tilsvarende krav i rekneskapslova om å spesifisere andre driftskostnader, jf rekneskapslova § 7-8b.

Note 3 - Annen driftskostnad

I denne posten ligger utgifter i forbindelse med landsmøter, landsstyremøter, regionmøter, arbeidsutvalgsmøter og seminarer, samt utgifter til sekretariat, juridisk bistand, trykking, data mv. Også utgifter til regnskapsføring, kontordrift, tidsskrifter og litteratur er inkludert. Det samme gjelder reisekostnader for ledelse, styre og administrasjon.

Hovedtyngden av LVKs virksomhet ligger i sekretariatet, som ved siden av løpende juridisk rådgivning utarbeider LVK-Nytt, forslag til dagsorden for landsmøte, landsstyre og arbeidsutvalg og referater fra samme, og forøvrig har ansvaret for korrespondansen med myndigheter, medlemskommuner, media, kraftforsyningen og andre aktører.

Det ble i 2019 avholdt seks landsstyremøter, syv møter og telefonmøter i arbeidsutvalget og flere møter i Energirådet og Eiendomsskatteutvalget, forberedt og tilrettelagt av sekretariatet. Det ble videre utarbeidet 59 nyhetsbrev og 9 medlemsnytt om aktuelle temaer for medlemskommunene. Av konkrete saker som har krevd betydelig aktivitet kan nevnes Sanderud-utvalget, revisjons- og vanddirektivsakene, eiendomsskatt, konsesjonskraftordningen og omfattende arbeid i forbindelse med fremleggelsen av statsbudsjettet for 2019.

Årsrekneskapen er revidert av statsautorisert revisor, jf. vedtektene § 16.

4.4. Revisor si vurdering

Revisjonskriterium:

- LVK bør ha eit budsjett som fungerer som eit økonomisk styringsverktøy
- LVK bør avlegge rekneskap med informasjon tilpassa brukarane sine behov

Budsjett

LVK har valt ein budsjettpraksis som gir stor fridom til styre, arbeidsutval og ev. sekretariat når det gjeld forvaltning og bruk av midlar. Fordelen med den budsjettpraksisen som er valt, er at den er gir stor fleksibilitet og at styre/arbeidsutval kan sette i verk tiltak utan å be om auka budsjetttrammer. Det er etter vårt syn også ulemper med denne budsjettpraksisen. Til dømes har medlemskommunane avgrensa moglegheit til å styre og kontrollere korleis foreiningas midlar vert brukt, og budsjettet kan ikkje brukast til å styre verksemda i særleg grad. Samanlikning mellom budsjett og rekneskap for 2017 og 2018, viser at LVK har gått over budsjetttramma begge år.

Rekneskapen

LVK utarbeider årsrekneskap etter rekneskapslova. Dette sikrar at rekneskapen vert sett opp etter anerkjente prinsipp for rekneskapsføring. Rekneskapen vert revidert. Det gir sikkerheit for medlemmane at rekneskapen viser eit rett bilete på den økonomiske situasjonen i foreininga.

Det er likevel eit spørsmål om det burde ha vore gitt meir detaljert rekneskapsinformasjon enn kva som er kravet i rekneskapslova. Informasjon om utgiftssida er viktig informasjon for å kunne vurdere om drifta er kostnadseffektiv. Landsmøtet har eit ansvar for å holde kontroll med korleis midlane til skatteytarane i medlemskommunane vert brukt.

Merknad frå LVK om budsjettavvik:

LVK seier at vår vurdering om at LVK gjekk over budsjetttramma i 2017 og 2018 er feil.

Sum budsjetterte driftskostnader for 2017 var 17,5 mill. kr. Sum driftskostnader for 2017 vart 19,8 mill. kr, dvs. 2,3 mill. kr meir enn budsjettert. Sum budsjetterte driftskostnader for 2018 var 15,6 mill. kr. Sum driftskostnader for 2018 vart 16,3 mill. kr, dvs. 0,7 mill. kr meir enn budsjettert.

Driftsresultatet for 2018 vart høgare enn budsjettert. Dette skuldast auka driftsinntekter. Det går ikkje fram av vedtektene i kva grad styret har fullmakt til å bruke meirinntekter.

5. Konklusjonar

Er det ei tenleg administrativ organisering av verksemda til LVK?

Vi har ikkje fått innsyn hos LVK og kan difor ikkje vurdere om den administrative organiseringa er tenleg. Vi kan derimot sjå at det er ulemper og fordeler ved valt organisering.

Val av organisasjonsform har betydning både for kvalitet og kostnad. Den organisasjonsforma som LVK har valt, har gitt kontinuitet over lang tid, noko som må reknast som ein fordel for LVK. På den andre sida er valt organisering sårbar for endringar, og har også andre ulemper.

Formelt er det landsstyret ev. arbeidsutvalet som har ansvar for å følgje opp avtala med Lund & Co. Det vil normalt vere krevjande for politisk valte representantar å ha fullgod oversikt over oppdrag og leveransar, til dømes behov for kontraktsoppfølging. Ei organisering som skil bestillar/oppdragsgivar frå leverandør, vil normalt sikre kjøp av rette tenester med rett kompetanse og til rett pris. Vi kan ikkje sjå at dette omsynet er godt ivaretatt ved den organiseringa som LVK har valt.

LVK har ikkje reglar om habilitet. Etter vårt syn burde habilitet ha vore regulert i organisasjonen sine vedtekter. Slike reglar ville bidra til å sikre at saksutgreiing og avgjerder ikkje vart gjort av nokon som har direkte eller indirekte personleg interesse av utfallet av saka, eller der det ligg føre tilhøve som er eigna til å svekke tilliten til saksutgreiing og avgjerder.

I kva grad skjer økonomistyring og rapportering i samsvar med gjeldande krav og tilrådingar?

Det er ikkje lovkrav om budsjett og rekneskap i foreiningar som LVK. Det vil difor vere vedtektene som regulerer korleis foreininga skal innrette seg når det gjeld rekneskap og budsjett.

LVK har valt ein budsjettpraksis som gir stor fridom til styret, arbeidsutvalet og ev. sekretariatet når det gjeld forvaltning og bruk av midlar. Ordninga gir stor fleksibilitet for styre og arbeidsutval, men avgrensa høve for medlemskommunane til å styre og kontrollere korleis foreininga sine midlar vert

brukt. Samanlikning mellom budsjett og rekneskap for 2017 og 2018, viser at LVK har gått over budsjetttramma begge år.

LVK utarbeider årsrekneskap etter rekneskapslova. Dette sikrar at rekneskapen vert sett opp etter anerkjente prinsipp for rekneskapsføring. Rekneskapen vert revidert. Det gir medlemmane tryggleik for at rekneskapen viser eit rett bilete på den økonomiske situasjonen i foreininga.

Landsmøtet har eit ansvar for å halde kontroll med korleis midlane til skatteytarane i medlemskommunane vert brukt. I LVK er *Andre driftsutgifter* den største utgiftsposten. Rekneskapslova krev ikkje at denne rekneskapsposten skal spesifiserast, og det har heller ikkje LVK gjort. Det er difor eit spørsmål om det burde ha vore gitt meir detaljert rekneskapsinformasjon enn kva som er kravet i rekneskapslova. Informasjon om utgiftssida er viktig informasjon for å kunne vurdere om drifta er kostnadseffektiv.

Litteratur og kjeldereferansar

Lover og forskrifter

- Lov 22. juni 2018 nr. 83 om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven).
- Forskrift 17. juni 2019 nr. 904 om kontrollutvalg og revisjon
- Lov 19. mai 2006 nr. 16 om innsyn i dokument i offentleg verksemd (offentleglova)
- Forskrift 17. oktober 2008 nr.1119 til offentleglova
- Lov 15. juni 2001 nr. 59 om stiftelser (stiftelsesloven)
- Lov 29. januar 1999 om interkommunale selskap (IKS-lova)
- Lov 17. juli 1998 nr. 56 om årsregnskap m.v. (regnskapsloven)
- Lov 13. juni 1997 nr. 44 om aksjeselskaper (aksjeloven)
- Lov 10. februar 1967 om behandlingsmåten i forvaltningssaker (forvaltningsloven)

Offentlege dokument

- Anbefalinger om eierstyring, selskapsledelse og kontroll, KS 2015
- God regnskapsskikk for ideelle organisasjoner, Norsk regnskapsstifelse 2020
- Habilitet i kommuner og fylkeskommuner (Kommunal og regionaldepartementet, 2011)

Elektroniske kjelder

- KS.no, web 25. mars 2020
- LVK.no, web 25. mars 2020
- Skatteetaten.no, web 25. mars 2020

Bøker

- Woxholth, Geir, Foreningsrett, Gyldendal, 3. utgave, 2008.

Vedlegg

Høyringsuttaler

- Høyringsvar frå Tokke kommune
- LVKs høyringsvar til VTRs utkast til forvaltningsrapport
- LVKs høyringsvar til VTRs utkast til forvaltningsrapport – tilleggskommentar frå LVKs arbeidsutvalg



Tokke kommune
Organisasjon, arkiv og IKT

VESTFOLD OG TELEMARKE REVISJON IKS
Postboks 2805
3702 SKIEN

Dvkkr ref: Vår ref: Sakshandsamar: Arkivkode: Dato:
2020/1546-4 Olav Bjørn Bakken, 216 11.05.2020
35075219

Forvaltningsrevisjon om Landssamanslutninga av vasskraftkommunar (LVK), høyringsvar frå Tokke kommune

1. Innleiing

Tokke kommune viser til utkast til forvaltningsrevisjon om Landssamanslutninga av vasskraftkommunar (LVK) frå Vestfold og Telemark revisjon IKS frå 27. april.

Tokke kommune synest det er eit solid utkast til rapport som Vestfold og Telemark revisjon IKS har skrive. Tokke kommune registrerer med undring at LVK ikkje vil gje Vestfold og Telemark revisjon IKS noko innsyn.

Tokke kommunestyre vedtok samrøystes i februar 2019:

«Tokke kommune meiner LVK må redusere sine kostnader. Tokke kommune kan difor ikkje støtte eit framlegg om å auke kontigenten.»

LVK er ei foreining som berre har norske kommunar som medlemmer. Organisasjonen mottek om lag 17,5 MNOK i medlemskontingent per år, jf. auke frå 2020. I tillegg mottek organisasjonen normalt om lag 2 MNOK i andre inntekter, der mesteparten kjem frå seminar og kurs. Organisasjonen har eitt årsverk med egne tilsette. Resten av arbeidet for LVK blir i hovudsak sett bort til eit eksternt advokatfirma, advokatfirmaet Lund og Co DA, og i samsvar med ei 13 år gamal rammeavtale. Det eksterne advokatfirmaet blir omtalt som sekretariat.

I løpet av fleire år har LVK betalt i snitt omlag kr 50 000 eks. mva. per arbeidsdag til advokatfirmaet Lund og Co DA. Det tilsvarar omlag 1 MNOK per måned i 10-11 månader i året.

Postadresse: Storvegen 60 Telefon: 35 07 52 00 Bankgiro: 2685 07 02968
3880 DALEN Telefaks: 35 07 71 33 Org.nr: 964 964 521
E-post: postmottak@tokke.kommune.no Heimeside: www.tokke.kommune.no

2. Nære band mellom LVK og eksternt advokatfirma – manglande opplysningar etter rekneskapslova?

I samandraget på side 3 skriv Vestfold og Telemark revisjon IKS fylgjande:

«Ei organisering som skil bestillar/oppdragsgjevar frå leverandør, vil normalt sikre kjøp av rette tenester med rett kompetanse og til rett pris. Vi kan ikkje sjå at dette omsynet er godt ivaretatt ved den organiseringa som LVK har valt.»

På side 17 i rapporten går det fram at det er advokat Stein Erik Stinessen som er dagleg leiar i LVK. Vedkomande er også partnar i advokatfirmaet Lund og Co DA. Den eksterne konsulenten har i fylgje Brønnøysundregistra signatur på vegne av LVK åleine. Formelt sett har såleis dagleg leiar fullmakt til å signere på alle fakturarar til LVK, inkludert advokatfakturaene som kjem frå advokatfirmaet Lund og Co DA. Dette blir ikkje gjort i praksis, men det er likevel uheldig at det kan stillast slike spørsmål.

Rekneskapet til LVK blir gjort i samsvar med rekneskapslova. I rekneskapslova frå 1988 § 7-31 fyrste ledd heiter det:

«Regnskapspliktige som ikke er store foretak skal opplyse om samlede utgifter til henholdsvis lønn, pensjonsforpliktelser og annen godtgjørelse til daglig leder og medlemmer av styret og bedriftsforsamlingen.»

Den eksterne advokaten mottok i fylgje opplysningar frå LVK ingen spesifikk godtgjering for det arbeidet som han gjer som dagleg leiar. Etter rekneskapslova følgjer det at uansett kor stor eller liten jobb dagleg leiar har, skal «*annen godtgjørelse*» også rapporterast i rekneskapet. Det avgjerande er at vedkomande har denne formelle stillinga. Grunngevinga for denne regelen om også å oppgje anna godtgjering, er at dei som les rekneskapet skal få eit oversyn over dei totale økonomiske banda som dagleg leiar har til foretaket.

Sidan dagleg leiar også er advokat for LVK, er det etter rekneskapslova trulegvis ei plikt å oppgje kor mykje vedkomande har fakturert til LVK.

I denne samanheng kan ein også vise til årsoppgjervegleiaren frå PWC for 2019. Det heiter på side 84:

«Hvis selskapet har en innleid konsulent som daglig leder, skal konsulenthonoraret oppgis som ytelse til daglig leder og benevnes "annen godtgjørelse". Lovens ordlyd er at det skal opplyses om "samlede utgifter" til lønn, pensjonsforpliktelser og annen godtgjørelse.»

<https://www.pwc.no/no/publikasjoner/aarsoppgjorsveiledningen-2019.pdf>

Tokke kommune meiner at Vestfold og Telemark revisjon IKS bør vurdere om opplysningsplikten etter rekneskapslova også bør innehalde dagleg leiar sine fakturerte advokattjenester til LVK.

Tokke kommune meiner også at Vestfold og Telemark revisjon IKS i sin konklusjon bør tilrå at LVK ikkje har ein dagleg leiar som samstundes er ekstern konsulent for LVK.

3. Anbod

Telemark og Vestfold revisjon IKS skriv at LVK ikkje er godt nok organisert til å sikre kjøp av tenester med rett kompetanse til rett pris, jf. sitat punkt 2 ovanfor.

LVK kjøper omlag 4-5000 eksterne advokattimar i året. I 2018 var snittprisen per time som LVK betalte til advokatfirmaet Lund og Co litt over kr 2 300,- eks. mva.

LVK er ein attraktiv klient som kjøper tusenvis av advokattimar i året. LVK sine oppdrag er gjerne i skjeringspunktet mellom politikk og juss, som er eit attraktivt arbeidsfelt for mange advokatfirma. I tillegg er LVK ein sikker betalar. Stort volum, interessante oppdrag og sikre inntekter skal tilseie at LVK vil få konkurransedyktige prisar, dersom organisasjonen lyser ut eit anbod for juridiske tenester.

Sommaren 2018 vann advokatfirmaet Lund og Co DA ei rammeavtale for levering av juridiske tenester for Sandefjord kommune. Det var i konkurranse med mange andre firma. Prisen som Lund og Co då leverte er visstnok 20-30 % lågare enn prisen som LVK betalar.

Truleg burde LVK ha fått minst same pristilbod frå advokatfirmaet Lund og Co DA som Sandefjord kommune fekk. Dersom organisasjonen hadde fått same prisar som Sandefjord kommune får, ville LVK sannsynlegvis spart større summer i årlege advokatkostnader.

Tokke kommune meiner difor at Vestfold og Telemark revisjon IKS i sin konklusjon, bør tilrå at LVK set ut på anbod ei rammeavtale for kjøp av advokattenester.

Det er også slik at Vestfold og Telemark revisjon IKS kanskje bør foreslå at det blir gjort ei lovendring i lov om offentlege anskaffelser. I dag er det slik at nokre samanslutningar/foreiningar med offentlege medlemmer ikkje er omfatta av loven. Slike foreiningar bør vere omfatta av lov om offentlege anskaffelser, dersom foreininga til dømes har inntekter på meir enn 10 MNOK i året.

4. Offentlegheit

I samandraget på side 4 skriv Vestfold og Telemark revisjon IKS:

«LVK framstår som ein lite open organisasjon.»

Telemark sitt landsstyremedlem Jarand Felland har bede LVK om innsyn i ein faktura frå advokatfirmaet Lund og Co til LVK frå januar 2018. Saka blei handsama i landsstyret den 7. februar 2019 som sak 21. Her er referatet frå landsstyremøtet:

«2) Spørsmål fra landsstyremedlem Jarand Felland om innsyn i faktura fra Lund & Co for januar 2018

Leder opplyste innledningsvis at den daglige driften er delegert til Arbeidsutvalget, og at det i all tid har vært ansett tilstrekkelig at landsstyret av AU orienteres om regnskapet på landsstyremøtene med påfølgende spørsmål og svar.

Styret gjennomførte en omfattende drøfting av saken.

Etter drøftingen fremmet leder forslag om nekting av innsyn og videreføring av gjeldende praksis. Landsstyret sluttet seg til leders forslag til vedtak.

Landsstyremedlem Jarand Felland stemte imot.»

I Tokke kommune er det slik at kvar innbyggjar og medlem av kommunestyre kan be om innsyn i einkvar faktura som Tokke kommune har betalt.

Tokke kommune meiner det er uheldig at eit medlem i styret i LVK ikkje får innsyn i ein faktura.

5. Habilitet

Vestfold og Telemark revisjon skriv i samandraget på side 4:

«LVK har ikkje reglar om habilitet. Etter vårt syn burde habilitet ha vore regulert i organisasjonen sine vedtekter. Slike reglar ville bidra til å sikre at saksutgreiing og avgjerder ikkje vart gjort av nokon som har direkte eller indirekte personleg interesse av utfallet av saka, eller der det ligg føre tilhøve som er eigna til å svekke tilliten til saksutgreiing og avgjerder.»

Spørsmålet om habilitet kan til dømas reisast der advokatfirmaet Lund og Co DA kan ha ei indirekte interesse i utfallet av saker som LVK handsamer. Dersom Vestfold og Telemark revisjon IKS vil konkludere med at LVK bør setje ut kjøp av advokattenester på anbod, kan det moglegvis gje mindre oppdrag til ein lågare timepris for det same advokatfirmaet. Det kan tilseie at dette advokatfirmaet ikkje bør førebu dokument for LVK i slike typer saker.

Tokke kommune sluttar seg til vurderinga frå Vestfold og Telemark revisjon IKS om at LVK bør ha reglar om habilitet i vedtektene.

Med helsing

Jarand Felland
Ordførar

Kopi til:
John Kleiv

Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ikkje underskrift.



LVKs høringssvar til VTRs utkast til forvaltningsrapport

